



HAREID KOMMUNE

Foto: Jenny Helene Øie Røyset



ØKONOMI- OG HANDLINGSPROGRAM

2020-2023

HOVUDMÅL KOMMUNEPLAN

Gjeldande kommuneplan har fire hovudmål, og tre av desse er relatert til samfunnsutvikling:

- Hareid skal vere ei bu- og utviklingskommune. Ein attraktiv kommune å bu og leve i for den einskilde, for familien, tilflyttarar og kompetansepersonar.
- Hareid kommune skal gi barn og unge gode oppvekstvilkår, trygge miljø, trivsel og samkjensle som grunnlag for livskvalitet, identitet og utvikling
- Hareid skal vere ein kommune som gjer det mogleg med eit allsidig næringsliv der miljø og arbeidsplassar kan tryggast, moglegheiter utviklast, nye verksemdar

Kommuneplanen sitt fjerde hovudmål er retta inn mot kommunen sitt ansvar som tenesteytar:

- Kommuneorganisasjonen i Hareid skal sikre tenester og service av rett kvalitet i samsvar med behova i kommunen etablerast og får folk med kompetanse til å bu i kommunen.

I planstrategien for Hareid kommune (2016 – 2020) er det vedteke at ein skal starte rullering av kommuneplanens samfunnsdel i løpet av perioden. Arbeidet med ny samfunnsdel har no starta. Planprogrammet har vore på høyring, og er klart for godkjenning.

Kommuneplanens samfunnsdel er verktøyet for kommunens heilskapelege planlegging. Det er med andre ord eit viktig styringsverktøy for folkevalde og administrasjon i åra framover. Gjennom planarbeidet med samfunnsdelen skal kommunen vektlegge viktige utfordringar knytt til samfunnsutvikling, samstundes som ein skal synleggjere dei strategiske vala kommunen tek.

Administrasjonen har valt å foreslå fire hovudmål i planprogrammet. Desse er som følgjer:

- Ein god kommune å bu i
- Ein trygg kommune å vere i
- Ein attraktiv kommune å arbeide i
- Ein spanande kommune å leve i

Ein attraktiv kommune å bu og leve i for den einskilde, for familien, tilflyttarar og kompetansepersonar.

- eitt av hovudmåla i gjeldande kommuneplan

Visjon Losen 2025

Hareid kommune har sidan 2017 brukt Kommunekompasset som verktøy for kvalitetsforbetring i utviklinga av ei betre forvaltningskommune. Kommunekompasset er eit verktøy for strategisk utvikling av den kommunale organisasjon og for vurdering av forvaltningspraksisen i kommunen. Verktøyet tek utgangspunkt i at ei kommune er ein samansett organisasjon med fire hovudoppgåver:

- Kommunen som politisk-demokratisk arena

- Kommunen som ansvarleg for tenesteproduksjon overfor innbyggjarar
- Kommunen som myndeutøvande organ i fylje lover og forskrifter
- Kommunen som samfunnsutviklar

Undersøkinga er ei evaluering med fokus på åtte områder, der kommunane vert målt opp mot kvarandre.

- Offentligheit og demokrati
- Tilgjenge, innbyggjar- og brukarorientering
- Politisk styring og kontroll
- Leiarskap, ansvar og delegasjon
- Resultatfokus og effektivitet
- Kommunen som arbeidsgivar
- Utviklingsstrategi og lærande organisasjon
- Kommunen som samfunnsutviklar

Vi har som målsetting å verte ei god forvaltningskommune, og arbeider etter ein slik visjon:

Lærande
Organisasjon med
Samskaping og
Energisk
Nyskaping
mot **2025**

Vekst i Hareid

«Med vind i segla»

Saman med Hareid næringsforum og Møre og Romsdal fylkeskommune har kommunen arbeidd med næringsutvikling gjennom prosjektet Vekst i Hareid. Det er gjennomført eit forprosjekt, og ein søker no om midlar til eit hovudprosjekt der målsettinga er slik:

«Vekst i Hareid skal bidra til å sikre og utvikle konkurransekraft og legge grunnlag for næringsutvikling».

Vekst i Hareid har desse tre satsingsområda:

- Havrom
- Attraktiv bukommune
- Auka konkurransekraft



Arbeidsgivarpolitikken

Hareid kommune sin visjon / rettesnor i arbeidsgivarpolitikken seier: «gode tenester – glade tilsette»

I dette har ein laga huskeregelen «kva meir» for kva som skal ligge i dette.

Kvalitet
Vilje
Arbeidsglede

Medmenneske
Effektivitet
Inkluderande
Romsleg

Organisasjonskulturen skal vere prega av

- Brukarfokus
- Godt samspel mellom politikk og administrasjon
- Positivt menneskesyn
- Klar organisering og ryddige forhold
- God informasjonsflyt
- Bevisst oppbygging av kompetanse

Rettesnor for kommunen sitt leiarskap:

- Resultatoppnåing
- Tydeleg leiarskap, realistisk målformulering, ansvarleg- og myndiggjering
- Rett rekruttering, god introduksjon, kompetanseutvikling
- Oppfølging, konstruktiv tilbakemelding
- Profesjonell konflikthandtering
- God informasjonsflyt, engasjement ved involvering, klar prioritering

Arbeidsgivarpolitikken er frå 2004 og treng ein gjennomgang, men ein ser at mange av tankane frå den gang står seg like godt i dag.

” **Bevisst
opp-
bygging
av kompe-
tanse**

*eit mål for organisasjons-
kulturen*

INNHALD

HOVUDMÅL KOMMUNEPLAN	side 2
<i>Visjon Losen 2025</i>	side 2
<i>Vekst i Hareid</i>	side 3
<i>Arbeidsgivarpolitikken</i>	side 4
1 INNLEIING VED RÅDMANNEN	side 7
2 ORGANISASJONSKART	side 11
3 SAMANLIKNINGSTAL	side 12
<i>3.1.1 Demografi</i>	side 12
<i>3.1.2 Sysselsetting</i>	side 14
<i>3.1.3 Kostrasamanlikningar</i>	side 15
<i>3.1.4 Administrasjonsundersøkelsen</i>	side 17
4 ØKONOMISK OVERSIKT	side 18
4.1 Om budsjettgrunnlaget	side 18
<i>4.1.1 Finansområdet</i>	side 19
<i>4.1.2 Finansutgifter</i>	side 20
<i>4.1.3 Lånegjeld og renteeksponering</i>	side 20
<i>4.1.4 Nøkkeltal låneportefølje</i>	side 21
<i>4.1.5 Finansinntekter</i>	side 21
<i>4.1.6 Fondsmidler</i>	side 22
<i>4.1.7 Frie inntekter</i>	side 23
<i>4.1.8 Eigedomsskatt</i>	side 24
<i>4.1.9 Brutto innbyggjartilskot</i>	side 25
<i>4.1.10 Inntektsutjamning</i>	side 25
<i>4.1.11 Utgiftsutjamning</i>	side 26
<i>4.1.12 Inntektsgarantiordninga</i>	side 27
4.2 Driftsbudsjettet (skjema 1A)	side 28
4.3 Driftsbudsjettet fordelt på sektorar (skjema 1B)	side 29
4.4 Investeringsbudsjettet (skjema 2A)	side 30
4.5 Fordeling av investeringsbudsjettet (skjema 2B)	side 31

5.1 Budsjett for sektorane	side 32
5.1.1 Sentraladministrasjon/stab	side 32
5.1.2 Samfunnsutvikling	side 34
5.1.3 Samfunnsutvikling: Sjølvkost	side 40
5.1.4 Læring og kultur	side 42
5.1.5 Velferd	side 46
5.2 Sentraladministrasjon / stab	side 51
5.2.1 Status / utfordringsbilete	side 51
5.2.2 Mål / tiltak	side 51
5.3 Sektor for læring og kultur	side 52
5.3.1 Status / utfordringsbilete	side 52
5.3.2 Mål / tiltak	side 53
5.4 Sektor for samfunnsutvikling	side 54
5.4.1 Status / utfordringsbilete	side 54
5.4.2 Mål / tiltak	side 55
5.5 Sektor for velferd	side 56
5.5.1 Status/utfordringsbilete	side 56
5.5.2 Mål/tiltak	side 56

VEDLEGG 1: *Tilrådingshefte*

VEDLEGG 2: *Tiltakshefte*

VEDLEGG 3: *Gebysatsar 2020*

1 INNLEIING VED RÅDMANNEN

«Framtida er alltid usikker, men vi må gjere vårt beste for å førebu oss på den likevel». Dette sa statsminister Erna Solberg i samband med at ho kommenterte arbeidet med perspektivmeldinga for 2020. Enkelt og godt sagt.

Oljerikdomen sitt handlingsrom må erstattast med vekst i andre næringar. Oppslutninga kring internasjonal handel er under press. Høgare konfliktnivå mellom stormaktene og nye barrierar mot handel kan gi svakare økonomi i store delar av verden. Det kan treffe ein liten og open økonomi som Norge hardt. Vi er i gang med eit grønt skifte som kjem til å krevje omfattande tiltak. Eit sentralt spørsmål er korleis vi skal utvikle ein økonomi som er meir berekraftig og mindre oljeavhengig.

Krav til omstilling

Vi vert fleire eldre og mange unge står utanfor arbeidslivet. Samstundes krev arbeidslivet høgare kompetanse. Digitalisering fører til raske endringar både for bedrifter, enkeltmenneske og offentlege verksemdar. Dette gir oss høve til å gjere ting meir effektivt, utvikle nye arbeidsplassar og gi betre tenester. Det vil også redusere behovet for arbeidskraft på nokre område og skape nye arbeidsplassar på andre. Det fører til behov for ny kompetanse, og at vi alle evner å omstille oss. Innbyggjar som arbeidstakar.

Som følgje av aukande regelstyring har både samfunnet, og kommunen som organisasjon vorte meir komplisert. Utan kjennskap er det vanskeleg å sjå samanhengane, og forventingane kan vere større enn kapasiteten. Rådmannen plikter å legge fram eit budsjett i balanse, og kommunen må driftast i tråd med tilgjengelege midlar.

Lågare inntekter - høgare utgifter

I 2020 får kommunesektoren omlag 3,8 milliardar lågare vekst i inntektene samanlikna med 2019. Dei offentlege utgiftene har auka mykje dei siste åra, og veksten i den offentlege økonomien må dempast for å ha konkurransekraft i den nasjonale økonomien. Vi er ein liten økonomi i verdssamheng og kan ikkje leve lenge med svak kronekurs. Sentrale økonomar har peikt på dette i fleire år. Regjeringa har også varsla reduksjon i den offentlege økonomien i Perspektivmeldinga og i statsbudsjetta siste åra.

Samstundes vert det innført nye rettar og normer som fører til auka kommunale utgifter. Dette utan at det er tilsvarende kompensert i rammetilskotet, eller at ein i særleg grad kan ta betalt for den offentlege tenesteytinga. Ved inngangen til 2020 merkar kommunar landet over at spådomar og signal om krav til omstilling har vorte ein realitet. Trass i dette er det liten eller bortimot ingen nasjonal debatt på grensengangen mellom det offentlege og det private ansvaret. Det er for lite handlerom, for store oppgåver i høve inntektene, for mange vedlikehaldsbehov som ikkje kan dekkast, og for mange investeringsbehov som må settast opp mot



Ragnhild Velsvik Berge,
rådmann

” Ved inngangen til 2020 merkar kommunar landet over at spådomar og signal om krav til omstilling har vorte ein realitet.

behov for personale til å utføre dei mange kommunale oppgåvene. Som leiar for Verdenskommisjonen for miljø og utvikling uttrykte Gro Harlem Brundtland seg slik om bærekraft (1987): «*Bærekraftig utvikling er en utvikling som tilfredsstiller dagens behov uten å ødelegge fremtidige generasjoners muligheter til å tilfredsstille sine behov.*»

Ny teknologi - nye moglegheiter

Vårt oppdrag er å legge til rette for at det samfunnet vi skal overlate til våre barn er velfungerande. Både alderssamansetning og rask endring i teknologi og samfunnsutvikling gjer dette til ei krevjande, men spennande oppgåve. Ny teknologi gir uante muligheiter og vil hjelpe oss i ei tid der alle må effektivisere, og arbeide på nye måtar for å gjere meir med mindre ressursar. Det handlar om å gjere dei rette tinga rett.

Både endring og standard på tenester vert sentralt i tida som kjem. Vi må alle vere budde på å ta større ansvar for oppgåver som det offentlege har i dag. Endring i alderssamansetninga vil føre til at ein må flytte pengar frå barnehage- og skuledrifta til pleie- og omsorgstenestene. Pleie- og omsorgssektoren må omstille og frigjere midlar til omfordeling av ressursar for å dekkje opp aukande behov. Dette krev radikal tenking og nye måtar å organisere drifta på. Oppgåvegliding mellom dei ulike profesjonane er essensielt for å få nok fagfolk i nær framtid. Vi må frigjere høgt utdanna personell frå oppgåver som andre kan gjere. Dette krev ei ny profesjonstenking og difor må dette på den nasjonale dagsorden. Slik vert det også fleire arbeidsoppgåver for dei som fell utanfor arbeidslivet i dag.

Balansegang

I omstilling er plankompetanse og god samfunnsplanlegging avgjerande element. Dei tekniske tenestene har eit omfattande ansvarsområde; frå små detaljar til dei store samanhengane. Oppgåvene er store og ressursane små der ein tilsett oftast har mange ansvarsområde. Vi må framover søke meir driftssikre løysingar innanfor dette området. Kunsten vert å finne balansegangen mellom kompetanse og kapasitet på den eine sida, og ynskje om nærleik og detaljkunnskap på den andre sida.

Økonomiplanen er bygt på ein del usikre faktorar. Her er ingen reserver i budsjettet. Vi har henta ut maksimalt i utbytte på aksjar og inntektsføring av premieavvik frå pensjon. Positivt premiavvik er ei forskyving av rekneskapsførte pensjonskostnader som er basert på stor usikkerheit. Hareid har hittil tent mykje på å ikkje binde renta, men lånegjelda er tilsvarande eksponert for risiko ved eventuell renteauke.

Fleire eldre

Vi må førebu samfunnet på færre yngre i høve eldre. Vi må legge til rette så dei eldre kan klare seg lengst mulig i eigen heim. Når fleire må bu heime vert det desto viktigare med dagaktivitetstilbod, og at samfunnet generelt er lagt til rette for det. Ny teknologi

**Vi må
alle vere
budde på
å ta større
ansvar for
oppgåver som det
offentlege har i
dag.**

vert sentralt. Vi må vri ressursar frå dei som kan greie seg sjølv til dei som ikkje kan gjere det. Vi må legge til rette for fleire sjølvbetjeningsløysingar av ulike slag, for trygge og lett framkomelege vegar, butilbod tilpassa den enkelte, og hindre utanforskap mellom mykje anna. Vi må i størst mulig grad førebygge i staden for å behandle. Ein må prioritere og gjere politiske retningsval.

Robek har gitt etterslep

Hareid kommune ber preg av å ha vore på Robek i mange år. Her er store investeringsbehov og endå større etterslep på vedlikehald. Vi har no kartlagt bygningsmassen og er i ferd med å digitalisere denne. Neste år vert prioritering sentralt. Gjennom ein vedlikehaldsplan må ein ta stilling til om det lønner seg å halde ved like eller starte på nytt. Ny type drift kan krevje ny bygningsmasse. Dette bør vurderast på barnehage. Og kanskje kan ein moderne sjukeheim i kombinasjon med omsorgsbustadar og ulike dagsaktivitetstilbod i sentrum vere det rette for Hareid.

Kommunen må redusere drifta med om lag 15 millionar kroner i løpet av handlingsplanperioden. Dette talet kan endre seg i løpet av perioden, avhengig av sentrale føringar og eventuelle politiske retningsval. Grunnen til at vi har hamna i denne situasjonen er samansett. Størst utslag har store sentrale lønsoppgjer, mindre overføringar frå staten, kostnadskrevjande bemanningsnormer i skule og barnehage og auka utgifter til rente og avdrag frå investeringsbudsjettet. Grunna lang tid med underbemanning har det vore stort etterslep på samfunnsutvikling. Ein har auka desse tenestene siste åra.

Vurdere tenestetilbod, organsering og standard

Likeeins har det vore på velferd, men her ser ein i tillegg at sektoren har utfordringar med å drifte innanfor tildelte budsjetttrammer. Sektoren leverer gode tenester, men ein må på nytt vurdere både tenestetilbod, organisering og standard på tenester. Vi lever i eit samfunn i rask endring, og som i næringslivet stiller dette krav til konstant omstilling, også for alle i kommunal sektor.

Dei største utfordringane for Hareid framover vil vere å:

- Finne sin plass i regionen og bygge felles identitet i bygda. Kva er Hareid sitt potensiale, og kva vil vi samle oss om ?
- Bygge kunnskap om kommunen sitt oppdrag i lokalsamfunnet der innbyggjarane, administrasjonen og politikarane på grunnlag av gjensidig forventnings- og ansvarsavklaring, har felles syn på kva som er det heilskaplege bildet
- Lage ein kommuneplan som fungerer som eit overordna styringsverktøy
- Etablere eit langtidsbudsjett og prioritere framtidige investeringar til eit nivå som balanserer med driftsutgiftene.
- Dreie ressursbruken for å prioritere tenestene der brukarane vil ha størst behov.
- Førebyggje utanforskap og integrere så mange som mogleg i arbeid og aktivitet.
- Heilskapleg bustadpolitikk
- Bidra til vekst i Hareid gjennom å legge til rette for ei attrak-

” **Størst utslag har store sentrale lønsoppgjer, mindre overføringar frå staten, kostnads-krevjande bemanningsnormer i skule og barnehage og auka utgifter til rente og avdrag frå investeringsbudsjettet.**

tiv bukommune, bidra til auka konkurransekraft i næringslivet blant anna ved å fokusere på havrommet som ein ny vekstarena.

Felles ansvar

Den politiske og administrative leiinga har eit felles ansvar for å løyse dei økonomiske utfordringane. Dei tillitsvalde og brukarutvala skal vere sentrale samarbeidspartar. Den nye kommunelova pålegg kommunestyret eit tydelegare ansvar for økonomisk styring med krav om økonomiske måltal.


For å lukkast i dette arbeidet er det heilt sentralt å vere ein god arbeidsgivar slik at ein både kan bygge, behalde og rekruttere ny kompetanse. Kampen om arbeidskrafta er alt i gang, og dette strammer seg til. Rådmannen vil difor prioritere kompetanseutvikling i alle ledd. I første omgang treng vi ei god leiaropplæring, slik at leiarane kan ta dette arbeidet vidare på ein god måte.

Den politiske og administrative leiinga har eit felles ansvar for å løyse dei økonomiske utfordringane. Dei tillitsvalde og brukarutvala skal vere sentrale samarbeidspartar.

*Ragnhild Velsvik Berge
Rådmann*

2 ORGANISASJONSKART


Hareid kommune har ei sektororganisering som er mykje brukt i Noreg i dag. Mange kommunar har i tillegg eit ledd mellom kommunalsjef og einingsleiar, til dømes styrar på ein sjukeheim. Rådmannen har direkte personalansvar for fire toppleiarar; ein assisterande rådmann og tre kommunalsjefar. Økonomileiar er ein sentral ressurs inn mot toppleiargruppa. Toppleiarane har eit felles ansvar for å sjå heilskapen og kommunen sine totale behov. Sektorane er organisert ut frå tenesteansvar og brukargruppe. Tanken er å få korte samarbeidslinjer og mest mulig saumlause overgangar. Staben står for dei indre tenestene og skal bidra til å gjere sektorane gode. Det vert i 2020 tatt ein gjennomgang på ansvarsfordelinga mellom sektorane og staben.



3 SAMANLIKNINGSTAL

3.1.1 Demografi

Folketalsutviklinga i Møre og Romsdal 2018-2019




*) utan Rindal kommune

5158

Innbyggjarar i Hareid
kommune per 2. kvartal
2019

I januar 2019 var folketalet i Hareid 5 155, det er ei endring på 5 personar (0,1 prosent) frå året før. Folketalsutviklinga er resultatet av fødselsoverskot pluss nettflytting. Fødselsoverskotet er talet på fødte eit år minus talet døde same år. I 2018 blei det fødd 48 barn samstundes som det døde 51 personar i befolkninga. Det gav eit fødselsunderskot på -3. I 2017 var talet på fødte 63, døde 47 og fødselsoverskotet 16. Fødselstala er låge både regionalt og nasjonalt, og det er svært få kommunar kor fødselstala er høge nok til å oppretthalde befolkningsstorleiken utan tilflytting eller innvandring.



KOMMUNEFAKTA:

[Følg denne lenka til Statistisk sentralbyrå. Her finn du fleire interessante faktatal om Hareid kommune.](#)

Forutan fødselsoverskotet er det innanlandsflytting og innvandring som vil avgjere om ein kommune opplev vekst eller nedgang. For fylket samla er den innanlandske nettflyttinga negativ, med

eit flyttetap på kring 1000 personar årleg i tidsperioden sida 2012. No er talet innvandrarak til fylket lågare enn tidligare. Talet som utvandrarak har auka dei seinare åra som ei følgje av nedturen i oljerelaterte næringar, men det kan sjå ut som det no har snudd. Nettoinnvandringa til Hareid var på 35 personar. Det er 18 personar høgare enn året før.


Det siste tiåret har folketalet i kommunen auka med 338 personar, som er ei endring på 7,0 prosent. Av dei 35 kommunane i fylket kjem kommunen på 11. plass i befolkningsutvikling i perioden. Folketaletsutviklinga handlar om meir enn berre vekst eller nedgang i folketalet. Samansetninga av befolkninga er svært viktig for utviklinga, og ikkje minst for korleis det offentlege skal dimensjonere sitt tenestetilbod.

Per 1. januar 2019 hadde kommunen 1 299 barn og unge under 20 år, noko som tilsvarer 25,2 prosent av befolkninga. Talet på personar 67 år og eldre i befolkninga var 810 og utgjerk 15,7 prosent. For fylket er delen barn og unge på 23,9 prosent, medan andelen eldre er 16,9 prosent.

Talet kvinner per 100 menn i aldersgruppa 20-39 år har vore lågt i Møre og Romsdal samanlikna med dei andre fylka i lengre tid. I 2019 er det 90,7 kvinner i aldersgruppa 30 til 39 år per 100 menn i Møre og Romsdal, medan det i Hareid er 88,2.

25,2 %

Del av innbyggjarane som er under 20 år




3.1.2 Sysselsetting

Sysselsettinga i Hareid har hatt ei fin utvikling siste tida, men det er ynskjeleg å få ei betre arbeidsplassdekning.

Endring i sysselsettinga i Møre og Romsdal 2017-2018



Møre og Romsdal* 1,8 prosent
Landet 2,1 prosent




*) utan Rindal kommune


2,7 %

Arbeidsløysa i Hareid
kommune
per oktober

Arbeidsplassdekning 2018



Møre og Romsdal 96 prosent



3.1.3 Kostrasamanlikningar

Her er eksempel på faktatal (pr. 17.06.19) frå nokre område. Dei viser at kommunen bruker mindre ressursar enn både landet, fylket og andre i same kommunegruppe. Om ein går inn i tala ser ein at effektiviteten er på jamt stigande kurve frå 2017. Med dei kutta som ligg inne vil dette auke ytterlegare. At vi ligg rundt gjennomsnittet viser også at her er mange kommunar som driv langt billigare enn oss. Fleire av desse er også kjende for å levere god kvalitet. Her er det vi må hente inspirasjon no når vi treng å verte endå betre.

Hareid har høgare overføringar til soknet enn andre det er naturleg å samanlikne seg med. Rådmannen har difor ikkje lagt opp til auka løyvingar i driftsbudsjettet.

NØKKELTAL SOKNET		Hareid	Kostra- gruppe 10	Landet uten Oslo	Møre og Roms- dal
		2018	2018	2018	2018
Netto driftsutgifter, kirke, i prosent av totale netto driftsutgifter.	%	1,4	1,2	1,2	1,2
Netto driftsutgifter til funksjon 390,393 i prosent av samlede netto driftsutgifter	%	1,4	1,1	1,1	1,2
Medlem og tilhørige i Dnk i % av antall innbyggere	%	76,6	77,9	72,9	79,2
Døpte i prosent av antall fødte	%	66,7	64,8	56,9	66,1
Konfirmerte i prosent av 15-åringar	%	76,7	67,6	59,5	74,2
Kirkelige gravferder i prosent av antall døde	%	94,1	96,1	89,2	94,8
Medlemmer i tros- og livssynssamfunn utenfor Den norske kirke i prosent av antall innbyggere	%	9,2	9,3	10,9	7,8
Brutto driftsutgifter til funksjon 390, 393 pr.innbygger	kr	816	672	654	742
Lønnsutgifter til funksjon 390, 393 pr. innbygger	kr	0	27	19	12

NØKKELTAL GRUNNSKULE		Hareid	Kostra- gruppe 10	Landet uten Oslo	Møre og Romsdal
		2018	2018	2018	2018
Årstimer til særskilt norskopplæring per elev med særskilt norskopplæring	stk	32,8	42,7	37,3	40,2
Årstimer til spesialundervisning per elev med spesialundervisning	stk	217,1	134,1	137,6	138,6
Elever i kommunale og private grunnskoler som får særskilt norsksopplæring	%	5,3	4,9	5,2	5,2
Elever i kommunale og private grunnskoler som får spesialundervisning	%	5,6	8,3	7,9	8,8
Elever på mestringsnivå 3-5, nasjonale prøver i lesing 8.trinn	%	81,5	73,5	73,5	71
Elever på mestringsnivå 3-5, nasjonale prøver i regning 8.trinn	%	65,5	68	69,6	68,9
Gruppestørrelse 2	stk	17,7	15	16,2	15,6
Gjennomsnittlig grunnskolepoeng	stk	39,5	41	41,7	41,8
Netto driftsutgifter grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), i prosent av samlede netto driftsutgifter	%	23,7	23,8	23,1	22,9
Netto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger 6-15 år	kr	108443	119932	112561	116706

NØKKELTAL BARNEHAGE		Hareid	Kos- tra-grup- pe 10	Landet uten Oslo	Møre og Romsdal
		2018	2018	2018	2018
Andel barn 1-2 år i barnehage, i forhold til innbyggere 1-2 år	%	87,2	81	83,9	85,7
Andel barn 1-5 år i barnehage, i forhold til innbyggere 1-5 år	%	91,2	90,2	92,1	93,2
Andel barn 3-5 år i barnehage, i forhold til innbyggere 3-5 år	%	93,7	96	97,3	97,9
Andel barn i kommunale barnehager i forhold til alle barn i barnehage	%	50,2	55,7	49	47,3
Antall barn korrigert for alder per årsverk til basisvirksomhet i barnehage, alle barnehager	stk	6,3	5,9	5,9	5,9
Del barnehagelærere i forhold til grunnbemanning	%	42,1	41,6	40,8	39,4
Andel barn, eksklusive minoritetsspråklige, som får ekstra ressurser, i forhold til alle barn i kommunale barnehager	%	1,3	2,8	3,7	4,1
Korrigerte brutto driftsutgifter til barnehager (f201, f211, f221) per korrigerte oppholdstimer i kommunale barnehager	kr	61	68	69	70
Andel minoritetsspråklige barn i barnehage i forhold til innvandrerbarn 1-5 år	%	86,5	79,3	81,9	84,7
Netto driftsutgifter barnehager i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter	%	15,3	13,9	14,3	13,8
Netto driftsutgift. barnehager, per innbygger 1-5 år	kr	143215	152291	153541	159536
Korrigerte brutto driftsutgifter f201 per korrigerte oppholdstimer i kommunale barnehager	kr	52	55	55	56

NØKKELTAL HELSE- OG OMSORG		Hareid	Kostragruppe 10	Landet uten Oslo	Møre og Romsdal
		2018	2018	2018	2018
Utgifter kommunale helse- og omsorgstjenester per innbygger	kr	26471	29372	27244	30390
Årsverk helse og omsorg per 10 000 innbygger	årsverk	313,6	337,9	311,6	354,4
Netto driftsutgifter til omsorgstjenester i prosent av kommunens samlede netto drifts	%	31,2	34,8	31,9	35,3
Andel brukerrettede årsverk i omsorgstjenesten m/ helseutdanning	%	66	75,2	74,8	74,6
Årsverk per bruker av omsorgstjenester	%	0,42	0,57	0,57	0,58
Andel innbyggere 80 år og over som bruker hjemmetjenester	%	37,2	32,8	31,6	35,2
Andel brukere av hjemmetjenester 0-66 år	%	49,8	29,6	47,5	44,3
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på sykehjem	%	17,2	11,1	12,1	12,3
Andel brukertilpassede enerom m/ eget bad/wc	%	95,9	86,6	89,7	90,8
Utgifter per oppholdsdøgn i institusjon	kr	3014	3613	3710	3571
Andel private institusjonsplasser	%	0	2,2	5,4	0
Legetimer per uke per beboer i sykehjem	timer	0,27	0,49	0,57	0,49
Andel innbyggere 67-79 år med dagaktivitetstilbud	%	1,28	0,83	0,67	0,95
Netto driftsutgifter til kommunehelsetjenesten i prosent av kommunens samlede netto driftsutgifter	%	4,4	4,7	4,8	4,6
Avtalte legeårsverk per 10 000 innbyggere	årsverk	10,3	10,6	11,3	11,7
Avtalte fysioterapeutårsverk per 10 000 innbyggere	årsverk	8,3	9,7	9,6	9
Avtalte årsverk i helsestasjons- og skolehelsetjenesten per 10 000 innbyggere 0-20 år	årsverk	34,6	49,4	42,2	41,2
Andel nyfødte med hjemmebesøk innen to uker etter hjemkomst	%	70,8	93,5	90,6	93,3

3.1.4 Administrasjonsundersøkelsen

Ressursar brukt til administrasjon er alltid eit interessant tema i budsjettssamanhengar. Agenda Kaupang har gjennomført slike undersøkingar kvart år sidan 2010. Kommunane som har tatt del i desse undersøkingane har meldt seg på etter invitasjon frå Agenda Kaupang.

Denne undersøkinga gir ikkje grunnlag for å seie kva som er den mest gunstige bemanninga av kommunen si administrative leining. I Agenda Kaupangs si undersøking om erfaringane med flatstrukturorganiseringa i norske kommunar, fant dei imidlertid at kommunar som har prioritert å styrke den administrative bemanninga var betre rusta til å ivareta kommunen sine styrings- og utviklingsoppgåver.

Gjennom tidlegare undersøkingar har Agenda Kaupang sett at det har vorte meir og meir vanleg å finne fram til interkommunale samarbeidsløysingar innanfor økonomi, regnskap, oppkreving av skatt og kommunale avgifter/gebyr, lønn, innkjøp og IKT.



Administrative årsverk per 1.000 innbyggjar sortert i stigande kommune-stoleik. Kommunar med under 10.000 innbyggjarar.

Funn Hareid kommune:

Under administrativ leining høyrer rådmann, assisterande rådmann og tre kommunalsjefar. Kvar kommunalsjef bruker i gjennomsnitt 0,4 årsverk kvar til administrativ leining. Leiar for økonomi, personal og organisasjon, og servicetorg og politisk sekretariat er regna med under stab- og støtte. Av figur 2-1 går det fram at Hareid har ei administrativ bemanning som ligg godt under gjennomsnittet for kommunar på same storleik.

Rådmannen sin kommentar:

Hareid kommune bruker lite ressursar til administrasjon. At vi har bygd assisterande eller rådgjevarar rundt toppleiinga er eit viktig strategisk grep, og heilt i tråd med råda både frå Agenda Kaupang og KS-konsulentane.

4 ØKONOMISK OVERSIKT

4.1 Om budsjettgrunnlaget

LOV-2018-06-22-83 KOMMUNELOVA - OM BUDSJETT

Sitat frå den nye kommunelova:

§ 14-2. Kommunestyrets og fylkestingets plikter:

Kommunestyret og fylkestinget skal selv vedta

- økonomiplanen og årsbudsjettet
- årsregnskapene og årsberetningene
- finansielle måltall for utviklingen av kommunens eller fylkeskommunens økonomi
- regler for økonomiforvaltningen (økonomireglement)
- regler for finans- og gjeldsforvaltningen (finansreglement).

§ 14-3. Behandling av økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning

Økonomiplanen for de neste fire årene og årsbudsjettet for det kommende året skal vedtas før årsskiftet.

§ 14-4. Økonomiplan og årsbudsjett

Økonomiplanen skal vise hvordan langsiktige utfordringer, mål og strategier i kommunale og regionale planer skal følges opp.

Økonomiplanen og årsbudsjettet skal vise kommunestyrets prioriteringer og bevilgninger og de målene og premissene som økonomiplanen og årsbudsjettet bygger på. De skal også vise utviklingen i kommunens eller fylkeskommunens økonomi og utviklingen i gjeld og andre vesentlige langsiktige forpliktelser. Vedtaket om årsbudsjett skal angi hvor mye lån som skal tas opp i budsjettåret.

Økonomiplanen og årsbudsjettet skal settes opp i balanse og være realistiske, fullstendige og oversiktlige.

Økonomiplanen skal deles inn i en driftsdel og en investeringsdel. Årsbudsjettet skal deles inn i et driftsbudsjett og et investeringsbudsjett og stilles opp på samme måte som økonomiplanen.

§ 14-10. Balanse i økonomiplanen og årsbudsjettet

All bruk av midler i årsbudsjettet skal ha dekning i årets tilgang på midler.

§ 14-11. Inndekning av merforbruk i kommunekassen og fylkeskommunekassen

Et merforbruk i driftsregnskapet til kommunekassen eller fylkeskommunekassen skal dekkes inn året etter at det oppsto. Hvis merforbruket ikke kan dekkes inn året etter at det oppsto, skal det dekkes inn senest det andre året etter at det oppsto.

KOMMUNELOVA

[Lenke til kommunelova](#)

” Økonomiplanen og årsbudsjettet skal settes opp i balanse og være realistiske, fullstendige og oversiktlige.

*Kommunelova
paragraf 14-4 3. ledd*

Kommunestyret eller fylkestinget kan i særlige tilfeller vedta at et merforbruk i driftsregnskapet til kommunekassen eller fylkeskommunekassen skal dekkes inn senest fire år etter at det oppsto. Hvis de samfunnsmessige og økonomiske konsekvensene av å dekke inn et merforbruk etter første punktum vil bli uforholdsmessig store, kan departementet godkjenne et vedtak om at merforbruket dekkes inn over en periode på flere enn fire år etter at det oppsto.

Et udekket beløp i investeringsregnskapet skal føres opp til dekning på investeringsbudsjettet året etter at det oppsto.

§ 14-5. Årsbudsjettets bindende virkning. Budsjettstyring
Årsbudsjettet er bindende for kommunestyret og underordnede organer».

4.1.1 Finansområdet

Hareid kommune har Sparebanken Møre som sin hovudbank. Bergen Capital Management vert nytta som forvaltar på gjeldssida.

Kombinasjonen av å vere låginntektskommune og Robek-medlem i 14 år gjer at Hareid har hatt lite lånegjeld, men i takt med investeringane er denne no sterkt aukande.

Tabellen under viser planlagde låneopptak i komande økonomiplanperiode:

	År 2020	År 2021	År 2022	År 2023
Lånegjeld 01.01	507 578 000	627 175 867	711 233 114	736 383 798
Låneopptak	137 867 836	105 275 000	48 250 000	3 000 000
Avdrag	-18 269 969	-21 217 753	-23 099 316	-23 739 942
Lånegjeld 31.12	627 175 867	711 233 114	736 383 798	715 643 856
Innbyggjarar	5 158	5 155	5 160	5 159
Lånegjeld pr innbyggjar	121 593	137 970	142 710	138 718
Lånegjeld i prosent av driftsinntekter	145%	162%	168%	163%

4.1.2 Finansutgifter

Tabellen under viser prognose for kapitalutgifter i komande økonomiplanperiode og kor mykje desse kostnadane utgjør av driftsinntektene:

	År 2020	År 2021	År 2022	År 2023
Rente utgifter	12 927 084	14 407 533	15 038 324	14 976 513
Avdrag	18 269 969	21 217 753	23 099 316	23 739 942
Sum kapitalkostnad	31 197 053	35 625 286	38 137 640	38 716 455
Kapitalkostnad i prosent av driftsinntekter	7,2 %	8,1 %	8,7 %	8,8 %

Hareid kommune har i 2019 ei gjennomsnittrente på 1,87 % pr. oktober 2019 i fylje rapport frå Bergen Capital Management. I økonomiplanperioden er det ikkje forventa at renta kjem til å auke. Kommunalbanken kjem med følgjande renteprognose for perioden:

År 2020 2,4 %

År 2021 2,28 %

År 2022 2,2 %

År 2023 2,15

I budsjettet for 2020 har vi tatt høgde for eksisterande avtalar på lånegjeld og nytta Bergen Capital Management sine utrekningar. Nye investeringar er lagt inn med ei rente noko lågare enn forventingane frå Kommunalbanken.

4.1.3 Lånegjeld og renteeksponering

Det er ikkje all gjeld som belastar kommunen sin økonomi. Vi har mellom anna lån knytt til investeringar på sjølvkostområdet (vatn og avløp). Innbyggjarane betalar renter og avdrag knytt til desse låna. Investeringar på omsorgsområdet (som sjukeheim og omsorgsbustader) der staten finansierer delar av investeringane er eit anna døme. Tabellen under viser kommunen si lånegjeld pr. 31.12.2019 delt inn i disse kategoriane.

Per	12/31/2019
Lånegjeld	507 578 000
Herav: Lån til vidare utlån	15 902 000
Sjølvkost	87 773 000
Lån med rentekompensasjon	-
Renteeksponert gjeld	-
Lån som skal finansierast av frie inntekter	403 903 000

I løpet av 2019 har vi tatt opp nye lån, og refinansiert andre lån. Dette endrar på total lånegjeld, gjennomsnittleg rente, rentebindingstid og kapitalbinding:

4.1.4 Nøkkeltal låneportefølje

	10/31/2019	1/1/2019
Total lånegjeld	507 578 000	381 482 000
Rentebindingstid	1,4 år	0,8 år
Vekta gj.snittsrente	1,87%	1,52%
Kapitalbinding	2,94 år	-

Rentebindingstid viser porteføljen si vekta gjennomsnittlege rentebindingstid og viser kor lenge renta på sertifikat, lån og obligasjonar i porteføljen er fast. Om ei låneportefølje er utan avdrag og årlege rentebetalningar har ei rentebindingstid på 1, betyr det at porteføljen i gjennomsnitt har ei rentebinding på 12 månader.

Kapitalbinding viser porteføljen si vekta gjennomsnittlege kredittbinding, og viser kor lang tid det i gjennomsnitt tek før renter, avdrag og hovudstol er nedbetalt eller forfalle til betaling. Dess høgare tal, dess mindre refinansieringsrisiko.

4.1.5 Finansinntekter

Tabellen under viser dei budsjetterte finansinntektene for dei neste 4 åra:

	År 2020	År 2021	År 2022	År 2023
Renteinntekter	862 371	862 371	862 371	862 371
Utbytte Tussa Kraft AS	2 600 000	2 600 000	2 600 000	2 600 000
Sum	3 462 371	3 462 371	3 462 371	3 462 371

Utbytte Tussa

Hareid kommune har 201 aksjar i Tussa Kraft AS. Dette er såkalla B-aksjar som ikkje er fritt omsettelege og berre kan eigast av kommune eller fylkeskommune. Hareid kommune har saman med dei andre eigarane inngått ein aksjonæravtale som skal gjelde i 6 år. Kommunen har hatt eit langsiktig siktemål med eigarskapen i Tussa. Kommunen har også finansielt motiv for å vere eigar i Tussa, og det er viktig å signalisere overfor selskapet at kommunen har forventning om at Tussa Kraft AS driv så godt at dei også leverer økonomiske resultat som gjer at Hareid kommune får ei tilfredsstillande avkastning av den kapitalen som er stilt til rådighet for selskapet.

4.1.6 Fondsmidler

Det er 4 ulike fond i kommunerekneskapen:

- Bundne driftsfond
- Ubundne driftsfond (inkludert disposisjonsfond)
- Ubundne investeringsfond
- Bundne investeringsfond

Bundne driftsfond

Bundne driftsfond kan berre brukast til bestemte formål i driftsrekneskapen. Hensikta med bundne fond er at desse skal nyttast til det bestemte føremålet innan ei tidsperiode. Ved rekneskapsavslutning kvart år vert det gjort eit arbeid med å hente inn midlar, slik at desse ikkje vert ståande over år.

Disposisjonsfond

Disposisjonsfond kan nyttast fritt på både til investering og drift. Eit viktig føremål til disposisjonsfondet er å kunne møte utgifter som det ikkje er tatt høgde for, som til dømes:

Renteauke

Lønsoppgjeret vert dyrare enn forventa

Auke i talet på ressurskrevjande brukarar

All bruk av disposisjonsfond må vedtakast av kommunestyret. Utan denne reserven har vi ikkje slark for ekstraordinære hendingar, og det gir svekka handlingsrom. Det er eit klart mål å bygge eit disposisjonsfond snarast råd, og vi vil kome attende med ei eiga sak om finansielle måltal for utvikling av kommunen sin økonomi i løpet av første tertial.

Ubundne investeringsfond

Ubundne investeringsfond kan nyttast til eigen- eller del-finansiering av kommunale investeringsprosjekt. Sal av tomter vert tilbakeført til dette fondet.

Bundne investeringsfond

Bundne investeringsfond skal berre brukast til bestemte formål i investeringsrekneskapen.

I tabellen under er ei oversikt over dei ulike fonda basert på økonomiplanen

Saldo 31.12	År 2019	År 2020	År 2021	År 2022	År 2023
Disposisjonsfond	2 544 669	2 694 669	2 694 669	2 694 669	2 694 669
Bundne driftsfond	9 236 068	9 745 217	9 410 586	8 541 521	8 004 789
Ubundne investeringsfond	243 649	243 649	243 649	243 649	243 649
Bundne investeringsfond	283 453	283 453	283 453	283 453	283 453
Sum	12 307 839	12 966 988	12 632 357	11 763 292	11 226 560

4.1.7 Frie inntekter

Det overordna formålet med inntektssystemet er å gjere det mogleg for kommunane å gi eit likeverdig tenestetilbod til innbyggjarane sine. For å oppnå dette målet vert det ved fordeling av rammetilskotet teke omsyn til strukturelle ulikskapar i kommunane og fylkeskommunane (utgiftsutjamning) og ulikskapar i skatteinntektene (inntektsutjamning).

Rammetilskotet utgjør saman med skatteinntektene dei frie inntektene som kommunane fritt disponerer innanfor gjeldande lover og forskrifter. Det vert også gitt eit skjønstilskot for å korrigere for forhold som ikkje blir ivaretatt godt nok i fordelingsystemet elles. Inntektssystemet inneheld i tillegg verkemiddel som utelukkande er grunnjevne med regionalpolitiske målsetjingar.

Tabellen under viser kor mykje Hareid kommune kan vente å få i frie inntekter i 2020-2023 (utdrag frå KS sin prognosemodell):

	ÅR 2020	År 2021	År 2022	År 2023
Prognose frie inntekter Hareid kommune	307 500 000	305 600 000	305 500 000	305 500 000

Vidare følgjer nærare omtale av dei mest sentrale elementa.

FLEIRE TAL

Sjå frieinntekter.regjeringen.no for meir informasjon om Hareid kommune sine inntekter.

4.1.8 Eigedomsskatt

Eigedomsskatt berekna ut i frå likningsverdi - bustadverdi 2 000 000

Skattesats promille	2,00	2,50	3,00	3,50	4,00
Årleg eigedomsskatt	2 800	3 500	4 200	4 900	5 600
Med botnfrådrag kr. 250 000	2 300	2 875	3 450	4 025	4 600

Eigedomsskatt berekna ut i frå likningsverdi - bustadverdi 2 500 000

Skattesats promille	2,00	2,50	3,00	3,50	4,00
Årleg eigedomsskatt	3 500	4 375	5 250	6 125	7 000
Med botnfrådrag kr. 250 000	3 000	3 750	4 500	5 250	6 000

Eigedomsskatt berekna ut i frå likningsverdi - bustadverdi 3 000 000

Skattesats promille	2,00	2,50	3,00	3,50	4,00
Årleg eigedomsskatt	4 200	5 250	6 300	7 350	8 400
Med botnfrådrag kr. 250 000	3 700	4 625	5 550	6 475	7 400

Rådmannens tilråding: Auka til 3,5 promille i 2020 og 4,0 året etter

	2020	2021	2022	2023
Mer-/mindreforbruk konsekvensj. budsjett	20 632 892	23 563 898	22 736 607	22 108 747
Totalt driftskostnader fra investeringsbudsjett	3 596 431	8 024 664	10 537 018	11 115 833
Valgte driftstiltak	-17 693 037	-17 926 393	-18 352 393	-19 093 403
Mer-/mindreforbruk budsjettversjon	6 536 286	13 662 169	14 921 232	14 131 177

Vidareføring av noverande ordning

	2020	2021	2022	2023
Mer-/mindreforbruk konsekvensj. budsjett	20 632 892	23 563 898	22 736 607	22 108 747
Totalt driftskostnader fra investeringsbudsjett	3 596 431	8 024 664	10 537 018	11 115 833
Valgte driftstiltak	-14 552 037	-13 061 393	-13 327 393	-13 903 403
Mer-/mindreforbruk budsjettversjon	9 677 286	18 527 169	19 946 232	19 321 177

Eigedomsskatt som no, men med botnfrådrag

	2020	2021	2022	2023
Mer-/mindreforbruk konsekvensj. budsjett	20 632 892	23 563 898	22 736 607	22 108 747
Totalt driftskostnader fra investeringsbudsjett	3 596 431	8 024 664	10 537 018	11 115 833
Valgte driftstiltak	-13 181 037	-11 690 393	-11 956 393	-12 532 403
Mer-/mindreforbruk budsjettversjon	11 048 286	19 898 169	21 317 232	20 692 177

Ingen eigedomsskatt

	2020	2021	2022	2023
Mer-/mindreforbruk konsekvensj. budsjett	20 632 892	23 563 898	22 736 607	22 108 747
Totalt driftskostnader fra investeringsbudsjett	3 596 431	8 024 664	10 537 018	11 115 833

Oversikta under viser omtrentleg kor mange eigedomar i Hareid kommune som ligg innafor dei forskjellige bustadverdiane (intervall).

Frå 1 000 000 og nedover er det 211 eigedomar
Frå 1 010 000 til 1 500 000 er det 234 eigedomar
Frå 1 510 000 til 2 000 000 er det 530 eigedomar
Frå 2 010 000 til 2 500 000 er det 583 eigedomar
Frå 2 510 000 til 3 000 000 er det 327 eigedomar
Frå 3 010 000 til 3 500 000 er det 126 eigedomar
Frå 3 510 000 til 4 000 000 er det 53 eigedomar
Frå 4 010 000 og oppover er det 34 eigedomar

4.1.9 Brutto innbyggjartilskot

I utgangspunktet vert innbyggjartilskotet fordelt med likt beløp per innbyggjar for alle kommunane. Det samla innbyggjartilskotet vert fordelt mellom kommunane ved at det vert teke omsyn til utgiftsutjamning, inntektsutjamning, samt ein del andre forhold. Innbyggjartilskotet er kr 25 083,- per innbyggjar i budsjettframlegg for 2020, og utgjør kr 129 381 000,- for Hareid kommune. Dette talet er endeleg og baserer seg på innbyggjartalet per 01.07.2019 som var 5 158.

4.1.10 Inntektsutjamning

Utjamning av skatteinntekter skjer løpande gjennom året. Dette medfører at kommunane 7 gonger i året får utjamna skatteinntekter sine. Systemet fungerer slik:

Kommunane får kompensert 60 % av differansen mellom eige skattenivå og skattenivået på landsbasis.

Kommunar med skatteinntekter over landsgjennomsnittet blir trekt 60 % av differansen mellom eige skattenivå og landsgjennomsnittet.

Kommunar som har skatteinntekter under 90 % av landsgjennomsnittet, får i tillegg kompensert 35 % av differansen mellom eigne skatteinntekter og 90 % av landsgjennomsnittet. Ordninga blir finansiert ved at alle kommunar får eit trekk tilsvarande det tilleggskompensasjonen kostar.

I budsjettet for 2020 har vi budsjettert med ei skatteinntekt på 94,3% av landsgjennomsnittet inkludert inntektsutjamning. Inntektsutjamning utgjør i KS sin prognosemodell vel 25 mill kr. Budsjettet er lagt opp med dei tala som ligg i regjeringa sitt budsjett for kommunane i grønt hefte.

94,3%

**Hareid kommune si
skatteinntekt per inn-
byggjar samanlikna med
landssnittet**

4.1.11 Utgiftsutjamning

I indeksen for berekna utgiftsbehov er landsgjennomsnittet 1,00. Kommunar med ein indeks som er større enn 1,00 har eit utgiftsbehov per innbyggjar som er større enn landsgjennomsnittet, mens kommunar med ein indeks som er mindre enn 1,00 har eit utgiftsbehov som er mindre enn landsgjennomsnittet. For eksempel har ein kommune med indeks 0,99 eit berekna utgiftsbehov som er ein prosent lågare enn landsgjennomsnittet, mens ein kommune med ein indeks på 1,07 eit berekna utgiftsbehov som er sju prosent høgare enn landsgjennomsnittet. Hareid sin behovsindeks er 1,0715

Kriterium	Vekt	
<u>Innbyggere 0-1 år</u>	0,0056	1,1317
<u>Innbyggere 2-5 år</u>	0,1374	1,1449
<u>Innbyggere 6-15 år</u>	0,2615	1,0832
<u>Innbyggere 16-22 år</u>	0,0233	0,9941
<u>Innbyggere 23-66 år</u>	0,1053	0,9555
<u>Innbyggere 67-79 år</u>	0,0565	1,0055
<u>Innbyggere 80-89 år</u>	0,0772	1,0890
<u>Innbyggere 90 år og over</u>	0,0389	1,3768
<u>Landbrukskriterium</u>	0,0021	0,6853
<u>Reiseavstand til nærmeste sonesenter</u>	0,0102	0,6547
<u>Reiseavstand til nærmeste nabokrets</u>	0,0102	0,6309
<u>Gradert basiskriterium</u>	0,0161	2,2227
<u>Innvandrere 6-15 år</u>	0,007	1,6931
<u>Dødelighet</u>	0,0458	0,9532
<u>Barn 0-15 år med enslig forsørger</u>	0,0177	1,1548
<u>Lavinntektskriteriet</u>	0,0111	0,8696
<u>Uføre 18-49 år</u>	0,0065	0,9802
<u>Flyktninger uten integreringstilskudd</u>	0,0084	0,7133
<u>Opphopningsindeks</u>	0,0096	1,1443
<u>Psykisk utviklingshemmede 16 år og over</u>	0,0491	0,9601
<u>Ikke-gifte 67 år og over</u>	0,0458	1,1110
<u>Barn 1 år uten kontantstøtte</u>	0,0168	1,2220
<u>Innbyggere med høyere utdanning</u>	0,0184	0,6743
<u>Aleneboende 30-66 år</u>	0,0195	0,8254

I tenesteytinga er det til dels store kostnadsskilnader mellom kommunane.

Gjennom utgiftsutjamninga i inntektssystemet skal kommunane i prinsippet få full kompensasjon for dei kostnadsskilnadane som dei sjølv ikkje kan påverke. Det gjeld til dømes aldersfordelinga, og strukturelle og sosiale tilhøve i kommunen.

Denne kompensasjonen skjer i praksis gjennom kostnadsnøkkelen, som består av ulike kriterium med vektor.

Gjennom kostnadsnøkkelen, og eit oppdatert sett med kriteriedata, blir utgiftsbehovet for kvar kommune berekna, og deretter blir tilskotet fordelt til kommunane etter deira varierende utgiftsbehov.

Utgiftsutjamninga er ei rein omfordeling – det som blir trekt inn frå nokre kommunar blir delt ut att til andre kommunar.

4.1.12 Inntektsgarantiordninga

Føremålet med inntektsgarantiordninga (INGAR), er å gje kommunane ei meir heilskapleg skjerming mot brå nedgang i rammetilskotet, og dermed gjere inntektssystemet meir fleksibelt og føreseieleg. Ordninga sikrar at ingen kommunar har ein berekna vekst i rammetilskotet frå eit år til det neste som er lågare enn 269 kroner per innbyggjar under berekna vekst på landsbasis, før finansiering av sjølve ordninga. Inntektsgarantiordninga tek utgangspunkt i endringa i totalt rammetilskot på nasjonalt nivå, målt i kroner per innbyggjar. I berekninga blir talet på innbyggjarar per 1. juli 2019 brukt. Hareid kommune blir i 2020 trekt for kr. 278 000 kr gjennom ordninga.

4.2 Driftsbudsjettet (skjema 1A)

Tal i 1 kroner	Rekne- skap 2018	Justert budsjett 2019	Bud- sjett 2020	Bud- sjett 2021	Bud- sjett 2022	Bud- sjett 2023
Generelle driftsinntekter						
Rammetilskot	-162 877 773	-169 451 000	-178 402 000	-178 402 000	-178 402 000	-178 402 000
Inntekts- og formuesskatt	-124 236 271	-129 006 000	-130 980 000	-130 980 000	-130 980 000	-130 980 000
Eigedomsskatt	-6 886 725	-8 861 000	-10 993 000	-12 974 000	-13 400 000	-13 841 000
Andre generelle driftsinntekter	-16 921 751	-11 600 000	-10 395 000	-10 395 000	-10 395 000	-10 395 000
Sum generelle driftsinntekter	-310 922 520	-318 918 000	-330 770 000	-332 751 000	-333 177 000	-333 618 000

Netto driftsutgifter

Sum bevilningar til drift, netto	297 589 856	303 156 402	305 566 549	303 269 316	301 182 962	301 045 147
Avskrivningar	14 956 060	15 788 000	15 788 000	15 788 000	15 788 000	15 788 000
Sum netto driftsutgifter	312 545 916	318 944 402	321 354 549	319 057 316	316 970 962	316 833 147

Brutto driftsresultat	1 623 396	26 402	-9 415 451	-13 693 684	-16 206 038	-16 784 853
------------------------------	------------------	---------------	-------------------	--------------------	--------------------	--------------------

Finansinntekter/Finansutgifter

Renteinntekter	-823 212	-673 071	-861 071	-861 071	-861 071	-861 071
Utbytte	-2 394 350	-2 201 300	-2 601 300	-2 601 300	-2 601 300	-2 601 300
Gevinst og tap på finansielle omløpsmiddel	-	-	-	-	-	-
Renteutgifter	5 520 075	10 607 390	13 268 255	14 748 704	15 379 495	15 317 684
Avdrag på lån	13 191 257	16 203 201	18 272 548	21 220 332	23 101 895	23 742 521
Netto finansutgifter	15 493 770	23 936 220	28 078 432	32 506 665	35 019 019	35 597 834
Motpost avskrivningar	-14 956 060	-15 788 000	-15 788 000	-15 788 000	-15 788 000	-15 788 000

Netto driftsresultat	2 161 107	8 174 622	2 874 981	3 024 981	3 024 981	3 024 981
-----------------------------	------------------	------------------	------------------	------------------	------------------	------------------

Disponering eller dekning av netto driftsresultat

Overføring til investering	-	-	-	-	-	-
Netto avsetningar til eller bruk av bundne driftsfond	1 334 696	-2 561 735	-3 024 981	-3 024 981	-3 024 981	-3 024 981
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond	-279 647	-5 612 887	150 000	-	-	-
Dekning av tidlegare års meirforbruk	-	-	-	-	-	-
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	1 055 049	-8 174 622	-2 874 981	-3 024 981	-3 024 981	-3 024 981

Framført til dekning seinare år (meirforbruk)	3 216 155	0	0	0	0	0
--	------------------	----------	----------	----------	----------	----------

4.3 Driftsbudsjettet fordelt på sektorer (skjema 1B)

	Regn- skap 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Sum utgifter	25 959 143	26 937 208	27 521 851	27 015 580	26 925 664	26 982 166
Sum inntekter	-8 689 220	-8 857 672	-8 545 397	-8 545 397	-8 545 397	-8 545 397
SENTRAL- ADMINISTRASJONEN	17 269 923	18 079 536	18 976 454	18 470 183	18 380 267	18 436 769
Sum utgifter	156 013 603	165 771 161	162 414 847	162 848 669	162 489 057	162 714 678
Sum inntekter	-28 335 153	-24 586 576	-22 793 975	-22 793 975	-22 793 975	-22 793 975
LÆRING OG KULTUR	127 678 450	141 184 585	139 620 872	140 054 694	139 695 082	139 920 703
Sum utgifter	175 000 466	159 620 307	166 069 815	162 152 562	161 522 714	161 617 863
Sum inntekter	-51 381 954	-44 437 681	-48 447 106	-48 047 106	-48 047 106	-48 047 116
VELFERD	123 618 512	115 182 626	117 622 709	114 105 456	113 475 608	113 570 747
Sum utgifter	79 944 351	85 024 059	88 798 007	88 399 470	88 482 783	88 595 566
Sum inntekter	-46 658 072	-46 538 988	-47 642 337	-50 792 337	-51 352 337	-51 352 337
SAMFUNNSUTVIKLING	33 286 279	38 485 071	41 155 670	37 607 133	37 130 446	37 243 229
Sum utgifter	16 933 144	19 179 554	18 534 595	27 653 834	29 635 897	29 586 852
Sum inntekter	-21 190 177	-28 995 008	-30 193 751	-34 621 984	-37 134 338	-37 713 153
FINANS	-4 257 033	-9 815 454	-11 659 156	-6 968 150	-7 498 441	-8 126 301
Sum fordelt til drift	297 596 131	303 116 364	305 716 549	303 269 316	301 182 962	301 045 147

4.4 Investeringsbudsjettet (skjema 2A)

	Rekneskap 2018	Justert budsjett 2019	Økonomiplan 2020	Økonomiplan 2021	Økonomiplan 2022	Økonomiplan 2023
Investeringsutgift						
Investeringar i varige driftsmiddel	63 311 718	250 858 913	178 085 825	147 375 000	63 000 000	3 750 000
Tilskot til andre sine investeringar	-	-	-	-	-	-
Investering i aksjar og eigardelar i selskap	1 139 290	-	-	-	-	-
Utlån av eigne middel	800 000	-	-	-	-	-
Avdrag på lån	909 471	-	-	-	-	-
Sum investeringsutgift	66 160 479	250 858 913	178 085 825	147 375 000	63 000 000	3 750 000

Investeringsinntekt

Kompensasjon for meirverdiavgift	-8 189 980	-26 212 778	-32 481 165	-24 675 000	-8 000 000	-750 000
Tilskot frå andre	-20 746	-16 400 000	-2 336 824	-17 425 000	-6 750 000	-
Sal av varige driftsmiddel	-19 053	-	-	-	-	-
Sal av finansielle anleggsmiddel	-	-	-	-	-	-
Utdeling frå selskap	-	-	-	-	-	-
Mottekne avdrag på utlån av eigne middel	-1 292 920	-	-	-	-	-
Bruk av lån	-55 881 939	-210 126 135	-143 267 836	-105 275 000	-48 250 000	-3 000 000
Sum investeringsinntekt	-65 404 638	-252 738 913	-178 085 825	-147 375 000	-63 000 000	-3 750 000

Vidareutlån

Vidareutlån	-	-	-	-	-	-
Bruk av lån til vidareutlån	-	2 000 000	4 000 000	4 000 000	4 000 000	4 000 000
Avdrag på lån til vidareutlån	-	-	-4 000 000	-4 000 000	-4 000 000	-4 000 000
Mottekne avdrag på vidareutlån	-	-	-	-	-	-
Netto utgift vidareutlån	-	2 000 000	-	-	-	-

Overføring frå drift og netto avsetningar

Overføring frå drift	-	-	-	-	-	-
Netto avsetningar til eller bruk av bundne investeringsfond	383 449	-	-	-	-	-
Netto avsetningar til eller bruk av ubundne investeringsfond	-1 139 290	-120 000	-	-	-	-
Dekning av tidlegare års udekte beløp	-	-	-	-	-	-
Sum overføring frå drift og netto avsetningar	-755 841	-120 000	-	-	-	-

Framført til inndecking i seinare år (udekt beløp)	-	-	-	-	-	-
Kontrollsum art 980 Rekneskapsmessig meirforbruk	-	-	-	-	-	-

Overføring til fordeling

Inntekter til fordeling	-	-	-	-	-	-
Utgifter til fordeling	65 251 008	252 858 913	178 085 825	147 375 000	63 000 000	3 750 000
Sum til fordeling (netto)	65 251 008	252 858 913	178 085 825	147 375 000	63 000 000	3 750 000

4.5 Fordeling av investeringsbudsjettet (skjema 2B)

	2020	2021	2022	2023
Alle føremålsbygg - Digitalisering av teikningar (096)	625 000	0	0	0
Bigset barnehage - brannalarmanlegg og lede- rømningslys (073)	375 000	0	0	0
Fellesutgifter 1570 : Digitalisering av GBNR-arkiv (107)	2 000 000	0	0	0
Fotballhallen (090)	16 167 000	0	0	0
Geodata - Flyfotografering 2019 (008)	150 000	0	0	0
Grunnkjøp - Holstad Byggefelt (111)	13 000 000	13 000 000	0	0
Hadartun - Signalanlegg (109)	2 860 000	0	0	0
Hareid Brannstasjon - Etablere garderobeløysing og ventilasjonsanlegg, samt vidareutvikle eigedomen (099)	375 000	6 000 000	6 000 000	0
Hareid Rådhus - oppstart byggetrinn 2 (070)	2 500 000	6 250 000	7 500 000	0
Hareid barnehage - brannalarmanlegg og lede - rømningslys (074)	375 000	0	0	0
Hareid sjukeheim - Prosjektering og ombygging 2. etg. Dagaktivitetstilbod. (097)	250 000	1 875 000	0	0
Hareid sjukeheim - Ventilasjon vaskerom, hjelpemiddel (095)	100 000	0	0	0
Hareid skule - belysning uteområde (067)	125 000	0	0	0
Hareid ungdomsskule - Støydemping og himling (056)	750 000	0	0	0
Hareidhallen - Innkjøp av vaskerobot (089)	300 000	0	0	0
Helse- og korr. eining (Velferd) - Inventar/utstyr, nytt Helsehus (112)	2 700 000	0	0	0
Helsehuset (091)	91 250 000	11 250 000	0	0
Park og Grønt - Ny gartnarbil (087)	812 500	0	0	0
Park og Grønt - Parken, kun Paviljong (100)	11 000 000	0	0	0
Pålhaugen - Omsorgsbustader / avlasting (110)	250 000	18 750 000	18 750 000	0
Samfunnskontoret - Utbygging breiband (101)	4 396 325	0	0	0
Servicekontoret : Auke startlån (081)	0	0	0	0
Soknet - Ombygging bedehuset (102)	250 000	250 000	3 750 000	3 750 000
Syverplassen barnehage - brannalarmanlegg og lede- rømningslys (075)	375 000	0	0	0
Utbyggingsområde - Pålhaugen Infrastruktur (022)	6 250 000	0	0	0
Utbyggingsområde - Sidegreiner Røyset (105)	2 300 000	0	0	0
Utbyggingsområde - Holstadfeltet - total infrastruktur 2019 Alternativ 2 (114)	0	27 000 000	27 000 000	0
Utbyggingsområdet - KL Marka (054)	150 000	3 000 000	0	0
Veg - Ombygging av vegryss ved helsehuset 2019 (014)	10 000 000	0	0	0
Veg - Parkeringsplass bak Kjøpmannsgata 2019 (015)	8 100 000	0	0	0
Veg - Rundkøyring Holstad - Forskutting av midlar alternativ 2 (113)	0	60 000 000	0	0
Velferdskontoret (Velferd) - Velferdsteknologi kr 300 000 (020)	300 000	0	0	0
	178 085 825	147 375 000	63 000 000	3 750 000

5 OM SEKTORANE

5.1 Budsjett for sektorane

Rådmannen har hatt som utgangspunkt at kommunen treng å kome ned på eit lågare driftsnivå for å sikre ei berekraftig drift og utvikling. Det er utfordrande å finne dekning for sentrale pålegg og lønsauke. Det same for dei aukande investeringsutgiftene.

Det er viktig å sikre vidare utvikling av kommunen og rådmannen har difor sett det som naudsynt prioritere tiltak som bidrar til dette. I botnen ligg vidareføring av politiske vedtak som helsehus, rådhus, fotballhall med fleire. I budsjettarbeidet har strategien elles vore å sikre lovpålagde tenester. Døme er barnevern, legeteneste, kommunepsykolog. Saman med styrking av ungdomstilbodet har desse også i seg element av førebygging. Vi har vidare justert både inntekter og utgifter i tråd med rekneskapet. Driftsbudsjettet er marginalt på fleire område, men trass i ytterlegare behov for å konsekvensjustere internt har vi i stor grad prioritert å ta ned driftsutgifter. For å sikre ei god utvikling er det avgjerande viktig at vi greier å ta ned drifta i løpet av dei neste to åra. I eit godt samspel mellom politikk og administrasjon må vi finne tiltak som skal utgreiast, og det må gjerast val og prioriteringar for framtida.

Behova til sektorane er store og veldig mange. Det er dessverre berre unntaksvis at dei kunne innfriast. Nye tiltak og kutt-tiltak ligg om kvarandre. Som ein vil sjå er nye tiltak finansiert av kutt.

Sektorane har gjort kutt i budsjettprosessen på til saman over 16 millionar.

Totale kutt fordelt på sektor

Sektor for velferd	
Allereie kutta	1 876 499
Ekstra kutt	3 248 830
Totalt	5 125 329

Sektor for samfunnsutvikling	
Allereie kutta	1 850 000
Ekstra kutt	939 265
Total	2 789 265

Sektor for læring og kultur	
Allereie kutta	6 035 476
Ekstra kutt	1 878 528
Total	7 914 004

Sentraladministrasjonen	
Allereie kutta	288 000
Ekstra kutt	469 663
Total	757 663

5.1.1 Sentraladministrasjon/stab

SENTRALADMINISTRASJONEN	-58 688	-564 959	-654 875	-598 373
Personalavdeling - reduksjon i refusjon sjukeløn	113 875	113 875	113 875	113 875
Rådmannskontor : Refusjon frå andre kommuner ikkje reell..	102 100	102 100	102 100	102 100
Sentraladministrasjonen : Innsparingstiltak handlingsplan 2020 - 2023	-469 663	-975 934	-1 065 850	-1 009 348
Økonomiavdeling : Inntekt VAF indirekte kostnader	200 000	200 000	200 000	200 000
Økonomiavdeling : Refusjon frå SSIKT går ut.	95 000	95 000	95 000	95 000
Økonomiavdeling : Refusjon Nav frå Ulstein og Sande	-100 000	-100 000	-100 000	-100 000

Her er det ingen nye tiltak utover korrigerings av budsjettpostar og innsparingstiltak handlingsplan 2020-2023.

Det har vore gjort politiske vedtak om inndekning på sentraladministrasjonen der det ikkje har fylgt midlar med. For ei lita avdeling er det begrensa kva ein kan omfordele av midlar, og dette er det gjort ein delvis korreksjon på i år. Ei urealistisk forventet sjukeløn er tatt ned, ein gamal refusjonspost som ikkje lenger er aktuell vert her tatt bort. Ei utgift er overført frå sjølvkost til økonomiav-

delinga i tråd med forvaltningsrevisjonsprosjektet på sjølvkost-området. Refusjon frå SSIKT går ut sidan Hareid kommune ikkje lenger yter stabstenester her. Her ligg også inne ei forventa auke i inntekt på refusjon for administrative utgifter frå Ulstein og Sande. Ein auka revisjonskostnad på 100 000 er det ikkje gitt kompensasjon for, ei heller ei inntekt på 120 000 frå IKS som ikkje er reell lenger. Her ligg dermed inne ei reell innsparing på 220 000 i tillegg til kuttet på lønsmidlar.

Sentraladministrasjonen: Innsparingstiltak handlingsplan 2020 – 2023:

Rådmannen har fordelt innsparingstiltak på sektorane og sentraladministrasjonen for å få budsjettet i balanse. Dette er innsparingar som skal gjerast på løn, med halvårseffekt i 2020 og heilårseffekt dei komande åra. For å kome i mål med dette må ein i heile kommuneorganisasjonen jobbe kontinuerleg med omstilling i åra som kjem og store grep må gjerast alt i løpet av våren 2020. Arbeidet med å identifisere omstillingstiltak, og gevinstar ved disse, er alt godt i gang. Nokre av omstillingstiltaka som vert greia ut vil kunne vedtakast administrativt, andre og større omstillingar må handsamast politisk.

SENTRALADMINISTRASJONEN	2 000 000	0	0	0
Fellesutgifter 1570 : Digitalisering av GBNR-arkiv	2 000 000	0	0	0
Servicekontoret : Auke startlån	0	0	0	0

Fellesutgifter 1570 : Digitalisering av GBNR-arkiv (107)

Då kommunen i mai 2019 gjekk over til nytt arkivsystem (Acos) gjekk ein også over fullelektronisk arkiv. Det vert ikkje lenger arkivert på papir. I samband med digitalisering, automatisering og effektivisering av teneste på sektor for samfunnsutvikling og ved arkivtenesta, er digitalisering av byggesaksarkivet eit viktig grep å ta. Det vil fjerne manuelt arbeid med utlevering av data, samstundes som det vert generert inntekt på produkta.

Kommunane på Søre Sunnmøre har no fått etablert digitalt e-torg der næringsliv og innbyggjarar kan hente ut data 24/7 via automatiserte leveransar. Denne tilrettelegginga vil generere inntekter for kommunen. Hareid, Ulstein og Sande har fortsatt papirbaserte byggesaksarkiv og må manuelt leite fram slike data når dei vert etterspurt, dei andre kommunane har digitalisert byggesaksarkiva sine. Sidan 01.01.2015 har vi levert ut omlag 1500 manuelt produsert info frå bygningsarkivet via meklarpakka. I tillegg kjem info til innbyggjarar, næringsdrivande og sakshandsamarar, der ein må bruke tid på å leite fram. Papirarkivet er dessutan utsett for risiko med tanke på skadedyr, brann- og vasskade.

Servicekontoret auke startlån (081)

Det er behov for å auke startlån frå 2 til 4 millionar. Målet er å få ei meir effektiv sakshandsaming ved at søkjarane slepp å stå så lenge i kø for å få handsama sin søknad. Dette vil ikkje føre til auka kostand for kommunen.

5.1.2 Samfunnsutvikling

Når det gjeld vedlikehald sit vi no med ei fersk kartlegging av bygningssmassen. Denne skal munne ut i ein vedlikehaldsplan med prioriterte tiltak. Det vert då rom for å drifte planmessig og dermed effektivt vedlikehald. I årets budsjett er det i all hovudsak prioritert tiltak som er knytt til pålegg, i hovudsak brannsikring og HMS.

SAMFUNNSUTVIKLING	-388 302	-2 176 839	-2 356 526	-2 243 743
Bigset skule - Branncelleavgrensande byggdelar	150 000	0	0	0
Hareid sjukeheim - Avvik etter branntilsyn, branncelleavgrensing	125 000	0	0	0
Hareid sjukeheim - Nye nød- og rømningslys	306 250	0	0	0
Hareid skule - Lede- og rømningslyssentral	125 000	0	0	0
Hareid skule - Lysarmatur gymsal	125 000	0	0	0
Hareidhallen - Belysning ved hovudinggang	62 500	0	0	0
Helsehuset - Driftsteknikar	198 534	595 602	595 602	595 602
Helsehuset - Reinhaldar	88 679	529 424	529 424	529 424
Hjellebakken 6 - Rehabilitering av interiør	720 000	0	0	0
Kutt - Reduksjon ekstrasjelp park og grønt	-100 000	-100 000	-100 000	-100 000
Kutt - konsulentutgifter	-150 000	-150 000	-150 000	-150 000
Kutt - Redusere vedlikehald på ansvar 7015	-1 100 000	-1 100 000	-1 100 000	-1 100 000
Kutt - Vekst i Hareid	-150 000	-150 000	-150 000	-150 000
Samfunnsutvikling : Innsparingstiltak handlingsplan 2020 - 2023	-939 265	-1 951 865	-2 131 552	-2 018 769
Vatn - Ny stillingsheimel vatn	0	0	0	0

Branncelleavgrensande byggdelar. (040)

Fleire branncelleavgrensande dører med sjølvlukkar har manglar og må settast i stand. Tetting av kabelgjennomføringar må utførest. Må utbetrast etter internkontrollforskrifta og brann- og eksplosjonsføresegne.

Avvik etter branntilsyn. (052)

Pålegg etter branntilsyn krev utgreiing om tetting av branncelleavgrensande byggdelar. Ekstern kompetanse må leigast inn.

Hareid sjukeheim Nye nød- og rømningslys. (051)

Defekte nøddlys. Bygg eller deler av bygg kan verte stengt om krava ikkje vert innfridd. Må skiftast i samsvar med internkontrollforskrifta.

Hareid skule Lede- og rømningslys-sentral (110)

Sentralen er defekt. Må utbetrast i samsvar med internkontrollforskrifta og brann- og eksplosjonslovgivinga.

Hareid skule - Lysarmatur gymsal (108)

Dagens belysning er defekt og brannfarleg. Den er utdatert i produktsortiment og kan ikkje erstattast. LED-lys er anbefalt for å redusere varmeutvikling og auke energieffektivitet. Riving og montering av nytt.

Hareidhallen - Belysning ved hovudinggang (115)

Defekte lysarmatur. Fare for brann grunna varmgang. Energispareretiltak.

Helsehuset – Driftsteknikar (181)

Helsehuset vil ha behov for ein driftsteknikar i 100% stilling frå 1.september 2020.

Helsehuset – Reinholdar (186)

Helsehuset vil ha behov for ein reinholdar i 100% stilling frå 1.november 2020.

Hjellebakken 6 - Rehabilitering av interiør (053)

Rehabilitering av interiør (golv, tak og veggjar).

Utbetring av skader, slitasje og fuktproblematikk. Viser til tilstandsanalysen.

Kutt SEKSAM - Reduksjon ekstrahjelp park og grønt (195)

Dette kuttet er ein generell reduksjon i konto for ekstrahjelp på ansvaret og adresserer eit pålegg om å legge fram kutt-tiltak i SEKSAM.

Kutt SEKSAM - Redusere vedlikehald på ansvar 7015 (193)

Dette kuttet er ein generell reduksjon av vedlikehaldet på ansvaret og adresserer eit pålegg om å legge fram kutt-tiltak i SEKSAM.

Kutt Vekst i Hareid (220)

Prosjekt Vekst i Hareid er budsjettert med kr 400 000,- i 2019. Der ligg inne eit tiltak som går på å avvikle tiltaket, men dette er ikkje valt av rådmannen. Dette er eit alternativt tiltak som vidarefører prosjektet med ein eigendel på kr 250 000,-. I søknaden til Fylkeskommunen ligg der ein eigendel frå kommunen si side på kr 500 000,-, men halvparten kan definerast som eigeninnsats, husleige etc. Kommunen må legge minst 250 000,- på bordet i tillegg til dette.

Dette tiltaket går ut på saldere kr 150 000,- av dei budsjetterte midlane og behalde den kommunale eigendelen for å kunne vidareføre prosjektet.

Samfunnsutvikling : Innsparingstiltak handlingsplan 2020 – 2023 (232)

Rådmannen har fordelt innsparingstiltak på sektorane og sentraladministrasjonen for å få budsjettet i balanse. Dette er innsparingar som skal gjerast på løn, med halvårseffekt i 2020 og heilårseffekt dei komande åra. For å kome i mål med dette må ein i heile kommuneorganisasjonen jobbe kontinuerleg med omstilling i åra som kjem og store grep må gjerast alt i løpet av våren 2020. Arbeidet med å identifisere omstillingstiltak, og gevinstar ved disse, er alt godt i gang. Nokre av omstillingstiltaka som vert greia ut vil kunne vedtakast administrativt, andre og større omstillingar må handsamast politisk.

Vatn – ny stillingsheimel (025)

Behov for overlapping av kompetanse

SAMFUNNSUTVIKLING	170 225 825	147 375 000	63 000 000	3 750 000
Alle føremålsbygg - Digitalisering av teikningar	625 000	0	0	0
Bigset barnehage - brannalarmanlegg og lede- rømningslys	375 000	0	0	0
Fotballhallen	16 167 000	0	0	0
Geodata - Flyfotografering 2019	150 000	0	0	0
Grunnkjøp - Holstad Byggefelt	13 000 000	13 000 000	0	0
Hareid barnehage - brannalarmanlegg og lede - rømningslys	375 000	0	0	0
Hareid Brannstasjon - Etablere garderobeløysing og ventilasjonsanlegg, samt vidareutvikle eigedomen	375 000	6 000 000	6 000 000	0
Hareid Rådhus - oppstart byggetrinn 2	2 500 000	6 250 000	7 500 000	0
Hareid sjukeheim - Prosjektering og ombygging 2. etg. Dagaktivitetstilbod.	250 000	1 875 000	0	0
Hareid sjukeheim - Ventilasjon vaskerom, hjelpemiddel	100 000	0	0	0
Hareid skule - belysning uteområde	125 000	0	0	0
Hareid ungdomsskule - Støydemping og himling	750 000	0	0	0
Hareidhallen - Innkjøp av vaskerobot	300 000	0	0	0
Helsehuset	91 250 000	11 250 000	0	0
Park og Grønt - Ny gartnarbil	812 500	0	0	0
Park og Grønt - Parken, kun Paviljong	11 000 000	0	0	0
Pålhaugen - Omsorgsbustader / avlasting	250 000	18 750 000	18 750 000	0
Samfunnskontoret - Utbygging breiband	4 396 325	0	0	0
Soknet - Ombygging bedehuset	250 000	250 000	3 750 000	3 750 000
Syverplassen barnehage - brannalarmanlegg og lede- rømningslys	375 000	0	0	0
Ubyggingssområde - Pålhaugen Infrastruktur	6 250 000	0	0	0
Utbyggingssområde - Sidegreiner Røyset	2 300 000	0	0	0
Utbyggingssområde - Holstadfeltet - total infrastruktur 2019 Alternativ 2	0	27 000 000	27 000 000	0
Utbyggingssområdet - KL Marka	150 000	3 000 000	0	0
Veg - Ombygging av vegryss ved helsehuset 2019	10 000 000	0	0	0
Veg - Parkeringsplass bak Kjøpmannsgata 2019	8 100 000	0	0	0
Veg - Rundkøyring Holstad - Forskuterer av midlar alternativ 2	0	60 000 000	0	0

Alle føremålsbygg - Digitalisering av teikningar (096)

For å kunne innføre internhusleige må alle bygg teiknast opp digitalt (dwg-format) slik at ein får korrekt leigegrundlag. Digitalisering er også naudsynt m.o.t. framtidige ombyggingar, registrering av tekniske fag og elles på generelt grunnlag. 775.000,- er fakturert hittil, ligg inne faktura på ca.100 000,- til. Må overføre 625 000,- til 2020. Dette heng saman med brannteikningar som ikkje kan arbeidast med før det grunnleggande teikningsarbeidet er slutført.

Bigset barnehage - brannalarmanlegg og lede- rømningslys (073)

Installere anlegg for varsling av brann og innbrot i samsvar med internkontrollforskrifta og brann- og eksplosjonslovgivinga. Etablere oppdatert og godkjent lede- og rømningslysanlegg i samsvar med brannvernlovgivinga

Fotballhallen (090)

Grunna skade blir hallen tidlegast ferdig i mai 2020

Geodata - Flyfotografering 2019 (008)

Innkjøp av teneste til fotogrammetrisk ajourføring av FKB-B i samsvar med geodataplanen i samarbeid med dei 6 nabokommunane våre på Søre Sunnmøre. Prosjekta inkluderer flyfotogra-

fering, ortofotoproduksjon og konstruksjon av FKB-data. Det blir bestilt ortofoto i full bildedekning. Tiltaket er godkjent i økonomiplanperioden for 2019 - 2022.

Grunnkjøp - Holstad Byggefelt (111)

Grunnkjøp i samband med realisering av Holstad byggefelt

Hareid barnehage - brannalarmanlegg og lede – rømningslys (074)

Installere anlegg for varsling av brann og innbrot i samsvar med internkontrollforskrifta og brann- og eksplosjonslovgivinga. Etablere oppdatert og godkjent lede- og rømningslysanlegg i samsvar med Brannvernlovgivinga

Hareid Brannstasjon - Etablere garderobeløysing og ventilasjonsanlegg, samt vidareutvikle eigedomen (099)

Brannstasjon må delvis byggast om og utvidast for å innfri pålegg frå arbeidstilsynet. Dette omhandlar krav til garderober, rein/skitten sone, ventilasjon m.m. Sektor for samfunnsutvikling ser det som føremålstenleg å inkludere driftsavdelingane for kommunalteknikk, vatn og avløp, grønt og eigedom i den vidare utviklinga av eigedommen. Bakgrunnen for dette er at også deira lokale har tilsvarende manglar. Ein legg difor opp til ei total prosjektering av ei slik løysing.

Hareid Rådhus - oppstart byggetrinn 2 (070)

Oppstart av byggetrinn 2 i renoveringsarbeidet av Hareid Rådhus. Det er formålstenleg å kjøpe inn nytt ventilasjonsanlegg som fyrste ledd i byggetrinn 2 allereie no, samt solskjerming for byggetrinn 1 i 2020.

Hareid sjukeheim - Prosjektering og ombygging 2. etg. Dagaktivitetstilbod.(097)

Dagaktivitetstilbod til demente heimebuande

Denne tenesta er lovpålagt frå 01.01.2020. Det er mogleg å søke om tilskot for etablering av dagaktivitetstilbodet frå Helsedirektoratet. Planen er å etablere dagtilbodet i lokala i 2 etg, som heime-tenestene flyttar ifrå. Der vil ein få eit godt tilbod med eigna uteområde i sansehagen, og kompetanseutveksling med personalet ved skjerma eining. Målet vil vere å tilrettelegge for at demente kan bu lengst mogleg heime med eit godt tilrettelagt dagaktivitetstilbod. Det må utarbeidast tildelingskriterier for dagtilbodet. Det krev eit investeringstiltak for planlegging og prosjektering av 2 etg., sidan lokala ikkje er tilrettelagt per i dag til dette tilbodet, og er frå vår side eit prioritert tiltak

Servicesenter for eldre heimebuande og bebuarar ved omsorgsbustadane

Det er ønskeleg å utvikle konseptet servicesenter i 3 etg., der noverande dagsenter for eldre er. Dette inneberer mellom anna å etablere fotpleie, tannpleiar, kafé etablering i samarbeid med kjøkkenet, kulturtilbod for eldre, samarbeid med frivillige, tilrettelegde arbeidsaktivitet for andre brukargrupper. I stortingsmeldinga Leve hele livet blir det framheva ei nødvendig satsing på aktivitet og fellesskap, og mat og måltider. Ved å etablere ein møteplass for eldre der ein kan tilby kulturell aktivitet, fellesskap med andre,

kjøp av nødvendige tenester og tilbud om kjøp av måltid. Det er viktig at frivillige blir engasjert i denne satsinga, for å kunne nå måla i reforma Leve hele livet.

Det krev eit investeringstiltak for planlegging og prosjektering av 3 etg, sidan lokalet ikkje er tilrettelagt per i dag for å etablere dette tilbodet. Dette vil ein kome attende til ved eit seinare høve.

Hareid sjukeheim - Ventilasjon vaskerom, hjelpemiddel (095)

Etablere ventilasjon på rom for reingjering av hjelpemiddel. Sterke kjemikalier vert nytta, behov for ventilasjon. Dei tilsette vil ikkje utføre arbeidet grunna belastning med avgassar i arbeidet.

Hareid skule - belysning uteområde (067)

Det er naudsynt å etablere belysning på skulens uteområde. Det er mørkt der når tilsette og foreldre/born kjem på morgonen og reiser på ettermiddag, fører til fall og skader. HMS tiltak.

Hareid ungdomsskule - Støydemping og himling (056)

Det er behov for støydemping og himling i musikkrom og aula. Defekte lysarmatur vert skifta samstundes, då det kan vere fare for brann, grunna varmgang.

Hareidhallen - Innkjøp av vaskerobot (089)

Meir effektiv bruk av reinholdstid, med målsetting å frigjere tid.

Helsehuset (091)

Forventa behov for restfinansiering pr. oktober 2019

Park og Grønt - Ny gartnarbil (087)

Gartnaren sin bil vart ikkje EU-godkjend i mai -19. Gartnaren har soleis vore utan bil sidan utgangen av august 19. Ein er avhengig av at gartnaren har ein arbeidsbil, elles klarar ho ikkje å utføre arbeidsoppgåvene sine.

Park og Grønt - Parken, kun Paviljong (100)

Parken skal opprustas til å bli eit samlingspunkt og rekreasjonsområde. Dette vil skje i fleire byggetrinn. Dette er første byggetrinn, og eit alternativ der ein bygger ut berre paviljongen i denne omgang.

Pålhaugen - Omsorgsbustader / avlastning (110)

Bygging av bustader til menneske med funksjonsnedsettelse er eit prioritert tiltak. Det er eit stort behov for omsorgsbustader med og utan felle areal og bustad for avlastning. I siste handlingsplan var det endring i tiltaket, frå bygging på Pålhaugen til bygging på tomte til dagens Hareid legesenter. Det er no tatt ei ny runde på dette og brukarorganisasjonane ynskjer ikkje flytting av bustadene, og peikar på at tiltaket må ha ein profil i samsvar med dei helsepolitiske føringane for målgruppa. Arbeidet med bygging bør starte så raskt som mogleg då det er stort press på tilrettelagte bustadar.

Samfunnkontoret - Utbygging breiband (101)

Kommunen har fått innvilga støtte til breibandsutbygging i områda Almevegen, Ulsleitet, Snipsøy og Hjørungneset. Vi søkte om kr 1 707 795,- i støtte og fekk innvilga

kr 1 406 824,-. Søknadsbeløpet var basert på estimert utbyggingskostnad. Kommunal finansiering inklusive tilknytningsavgift og dugnad vert etter dette om lag kr 1 200 000,-. Det strekast under at prisane ikkje er endeleg klarlagt før det er gjort ei anbudsutlysning.

Soknet - Ombygging bedehuset (102)

Soknet skildrar tiltaket som følgjer og prioriterer det som nr. 1:

1. Tilbygg kontorfløy for kyrkjekontor til bedehuset:

Jfr. brev til kommunen 07.09.2018.

Viser til tidlegare dialog med kommunen i høve planane om tilbygg kontorfløy til Hareid bedehus - og kommunen sin godkjente reguleringsendring av bedehustomta for dette, samt flytting av vegen.

Sluttprosjektering av tilbygg kyrkjekontor til bedehuset i 2020:

For å kunne fortsette dette arbeidet trengst det prosjekteringsmidlar for tilbygg kyrkjekontor, pålydande kr 130 000,- for 2020 (kr 90 000,- til vidareføring arkitektarbeid og kr 40 000,- til rådgjevande ingeniør). Fellesrådet gjorde vedtak i Fellesrådsmøte 22.10.2019, der dei godkjente avtale om overdraging av Hareid bedehus. Overdragingsdato er 31.10.2019 under føresetnad av at avtaledokument og skjøte blir signert av partane, noko vi forventar vil skje i nær framtid.

Leigeavtale med Floten (10 år ad gangen) for kyrkjekontor utgår i 1. mars 2024, difor bør tilbygg kyrkjekontor utførast seinast i løpet av 2023. Husleigekostnad pr. dags dato er kr 230 000,- pr./år, noko som vil kunne dekke lånefinansieringa av tilbygget.

Kostnad for prosjektering og tilbygg: kr. 6 000 000,-.

Kostand for 2020 vil vere sluttprosjekteringa for tilbygget: kr 130 000,-.

Syverplassen barnehage - brannalarmanlegg og lederrømningslys (075)

Installere anlegg for varsling av brann og innbrot i samsvar med internkontrollforskrifta og brann- og eksplosjonslovgivninga. Etablere oppdatert og godkjent lede- og rømningslysanlegg i samsvar med brannvernlovgivninga

Utbyggingsområde - Pålhaugen Infrastruktur (022)

Veg, vatn og avløp til bustadfelt Pålhaugen

Utbyggingområde - Sidegreiner Røyset (105)

Kommunestyret vedtok at ein skulle bygge ut sidegreiner i Røyset-prosjektet i tråd med opprinnelig forslag til prosjektering.

Prosjektet vert prosjektert i 2019 og byggast ut i 2020. Summen er eit estimat.

Utbyggingsområde - Holstadfeltet - total infrastruktur 2019 Alternativ 2 (114)

Opparbeiding av feltet krev investeringar i infrastruktur, knytt til veg, vatn, avløp og avskjeringsgrøft.

Utbyggingområdet - KL Marka (054)

Prosjektering og utbygging av VA for å realisere byggjeklare tomter i sentrum.

Veg - Ombygging av vegryss ved helsehuset 2019 (014)

I samband med realisering av helsehus må krysset til fylkesvegen byggast om, det må også opparbeidast fortau og parkering til helsehuset.

Veg - Parkeringsplass bak Kjøpmannsgata 2019 (015)

Parkeringsplassen bak Kjøpmannsgata må opparbeidast og asfalterast. Det er stort press på plassane på rådhuset, og det vert ytterlegare behov etter innflytting i helsehuset

Veg - Rundkøyering Holstad - Forskotering av midlar alternativ 2 (113)

I samband med utvikling av næringsareal på Myrane, Holstad bustadfelt og Brekkane bustadfelt er ein avhengig av at det vert etablerast rundkøyering på Holstad. Dette har med rekkefølgekrava til dei nye reguleringsplanane Brekkane og Hareidsmyrane Nord 2 som er under utarbeiding. I tillegg kjem dette med trygg kryssing av fylkesvegen i høve etablering av Bustadfelt Holstad, samt generell trykk trafikkavvikling. Tiltaket vart allereie vedtatt 2018 og vidareført i 2019. Rundkøyeringa ligg i hovudsak på Fylkesveg, og ein føreset at den delen som er fylkeskommunal veg, vert betalt av fylke. I dette tiltaket ligg det inne privat medfinansiering, og forskotering for å kunne etablere rundkøyeringa i kommunal regi.

5.1.3 Samfunnsutvikling: Sjølvkost

Anløp Brygge til arbeidsbåt (088)

Ein ser at ein treng ei brygge til arbeidsbåten vi har anskaffa. Ein tenkjer at denne også skal nyttast som gjestebrygge, då det tidvis er knapt med plass på dei kommunale kaiene.

Anløp. Bytte lyktestolpar moloar (018)

Vi må bytte ut lyktestolpane og straumforsyninga på begge moloane for å sikre anløpa

Avløp. Separere fellesledning Hareidselva (063)

Gamal fellesledning som kloakken til størsteparten av Indre Hareid renn gjennom. Røret er øydelagt og må byttast.

Avløp. Fornying avløpsnett (030)

Fornying av avløpsnettet

Avløp. Forprosjekt avskjeringsgrøft ytre (028)

Forprosjekt avskjeringsgrøft Ytre Hareid. Ein må undersøke moglegheita for om ein kan skjera av ein del overvatn. Løysninga må sjåast i samanheng med kapasitetsanalyse som vert gjennomført i samband med ny vatn- og avløpsplan.

Avløp. Helsehuset (024)

I samband med helsehusprosjektet må avløpsanlegget i sentrum leggast om og ein må inn med ein ny pumpestasjon

Avløp. Kyrkjegata – Jetz (035)

Ny avløpsledning må leggast på strekket frå Jets til Soffibakken. Viktig også for fotballhallen

Avløp Overåsanden (046)

For å fjerne forureininga må ein separere avløpet å sende kloakken til det offentlege nettet

Avløp Reinseanlegg (031)

Nytt reinseanlegg på Raffelneset

Avløp. Sjøledningar Raffelneset (033)

I samband med at ein skal bygge reinseanlegg må det lagast ei fylling og leggst nye sjøleidningar

Vatn. Fornyning vassnett (029)

Fornyning av vassnettet

Vatn. Legge om ledning frå vassbehandlingsanlegget (043)

Ein må gjere tiltak for å unngå at 140.000 liter/dagen går gjennom avløpssystemet vårt. I samband med etablering av reinseanlegget må ein gjere grep for å hindre framandvatn. det å legge om ledningane slik at ein hindrar skyllevatn frå vassbehandlingsanlegget å gå inn i avløpsleidningane er essensielt.

Vatn. Nytt inntak Hammarstøylvatnet (036)

Vi må ha nytt inntak i Hammarstøylvatnet

SJØLVKOST	42 050 000	24 000 000	12 200 000	2 400 000
Anløp - Brygge til arbeidsbåt	500 000	0	0	0
Anløp - Bytte lyktestolper moloer 2019	1 500 000	0	0	0
Avløp - Separere fellesledning ved Hareidselva	1 500 000	0	0	0
Avløp - Fornyning avløpsnett	1 200 000	1 300 000	1 400 000	1 500 000
Avløp - Forprosjekt avskjeringsgrøft Ytre	500 000	10 000 000	0	0
Avløp - Helsehuset	5 000 000	0	0	0
Avløp - Kyrkjegata - Jets (Inkl Fotballhallen)	3 000 000	0	0	0
Avløp - Overåsanden	5 000 000	0	0	0
Avløp - Renseanlegg	1 000 000	10 000 000	10 000 000	0
Avløp - Sjøledningar Raffelneset	7 000 000	0	0	0
Vatn - Fornyning vassnett	600 000	700 000	800 000	900 000
Vatn - Helsehusprosjektet	5 000 000	0	0	0
Vatn - Kyrkjegata og Jets (inkludert fotballhall)	3 000 000	0	0	0
Vatn - Legge om ledning frå vassbehandlingsanlegget	250 000	2 000 000	0	0
Vatn - Nytt inntak Hammarstøylvatnet	7 000 000	0	0	0

5.1.4 Læring og kultur

Dette er i dag kommunen sin største sektor, men vi ser at befolkningsutviklinga at dette vil endre seg på få år. Barnetalet i Hareid er likevel relativt stabilt samanlikna med mange andre kommunar. Sektoren har siste åra bidrege inn i felleskassa og på den måten berga kommunen sitt sluttresultat. Skule er eit prioritert område for lokalpolitikarane, men som den største sektoren meiner rådmannen at ein må hente ein stor del av innsparinga her. Det vert viktig at ein er kreativ og finn dei beste løysingane i fellesskap.

LÆRING OG KULTUR	-7 914 004	-7 480 182	-7 839 794	-7 614 173
Auke i overføring til Gnist Holstad på grunn av moderasjon i foreldrebetaling	305 000	305 000	305 000	305 000



Bigset skule - auka inntekt støtte vidareutdanning lærar	-150 000	-150 000	-150 000	-150 000
Destinasjon Ålesund og Sunnmøre - kontingent	170 000	170 000	170 000	170 000
Hareid skule - auka inntekt støtte vidareutdanning lærarar	-300 000	-300 000	-300 000	-300 000
Hareid ungdomsskule - auka inntekt støtte vidareutdanning lærarar	-300 000	-300 000	-300 000	-300 000
Hjørungavåg skule - auka inntekt støtte til vidareutdanning lærarar	-150 000	-150 000	-150 000	-150 000
Kommunal støtte til Ishavsmuseet, Hareidstemna og Stiftinga Rasofielgarden.	40 000	40 000	40 000	40 000
Kultur : Reiselivsplan	90 000	0	0	0
Kutt - barnehagekontor 20% stilling rådgjevar sal av tenester til Sju-stjerna m.m.	-165 445	0	0	0
Kutt - Bigset skule assistent i skule	-529 424	-529 424	-529 424	-529 424
Kutt - Bigset skule reduksjon 50% assistent i SFO	-264 712	-264 712	-264 712	-264 712
Kutt - Hareid skule - 100 % lærarstilling 1/2 årseffekt	-383 832	-383 832	-383 832	-383 832
Kutt - Hareid skule lærebøker	-200 000	-200 000	-200 000	-200 000
Kutt - Hareid ungdomsskule reduksjon 20% lærarstilling	-92 649	-92 649	-92 649	-92 649
Kutt - Hareid ungdomsskule reduksjon 75% fagarbeidar 1/2 år	-191 916	-191 916	-191 916	-191 916
Kutt - Hareid ungdomsskule reduksjon 80% fagarbeider	-476 482	-476 482	-476 482	-476 482
Kutt - Hareid ungdomsskule redusert overtidskostnad	-285 250	-285 250	-285 250	-285 250
Kutt - Hareid u-skule fritt skulemateriell	-32 794	-32 794	-32 794	-32 794
Kutt - Hareid u-skule anna undervisningsmateriell	-27 360	-27 360	-27 360	-27 360
Kutt - Hareid u-skule Inventar	-10 000	-10 000	-10 000	-10 000
Kutt - Hareid u-skule kjøp frå andre kommunar	-300 000	-300 000	-300 000	-300 000
Kutt - Hareid u-skule lærebøker	-157 171	-157 171	-157 171	-157 171
Kutt - Hareid u-skule skulebibliotek	-9 560	-9 560	-9 560	-9 560
Kutt - Hareid u-skule skuleskyss	-200 000	0	0	0
Kutt - Hareid u-skule telefon	-13 560	0	0	0
Kutt - Oppvekstkontor rådgjevar - salg av oppdrag til Sjutjerna	-165 445	0	0	0
Kutt - Slt-koordinator 35% stilling	-280 595	-280 595	-280 595	-280 595
Kutt - tilskot private barnehagar	-1 700 000	0	0	0
Kutt - tilsynsvakt skule og Hareidhallen 30 %	-168 092	-168 092	-168 092	-168 092
Kutt Ressurssenteret - miljøarbeidar flyktning	-304 419	0	0	0
Læring og kultur : innsparingstiltak handlingsplan 2020 - 2023	-1 878 528	-3 903 575	-4 263 187	-4 037 566
Miljøarbeidar ungdomsklubb	34 230	34 230	34 230	34 230
Tap i foreldrebetaling - Hareid barnehage	184 000	184 000	184 000	184 000

Auke i overføring til Gnist Holstad på grunn av moderasjon i foreldrebetaling (069)

Retten til moderasjon er nedfelt i Forskrift om foreldrebetaling i barnehagar § 3. For Gnist Holstad gjeld dette for 2020 kr 305 000.

Bigset skule - auka inntekt støtte vidareutdanning lærar (188)

I samband med å nå målet med at alle lærarar har 30 eller 60 studiepoeng i basisfaga dei underviser i, samt kompetanse i andre fag har Utdanningsdirektoratet ei stønadsordning som kommunen/ læraren kan få del i. Ordninga kan anten vere stipend til lærar eller vikarstønad til kommunen. I Hareid har vi prioritert vikarordning og nettbaserte studiar. Dette gjer at stønaden frå Utdanningsdirektoratet dekkjer kostnadane for kommunen.

Destinasjon Ålesund og Sunnmøre – kontingent (192)

Det ligg føre politisk vedtak om at Hareid kommune skal vere medlem. Tiltaket er overført frå staben til kulturområdet. Her var ikkje budsjettmidlar til overføring då det ikkje vart tilført midlar ved oppretting av tiltaket.

Hareid skule - auka inntekt støtte vidareutdanning lærarar (190)

I samband med å nå målet med at alle lærarar har 30 eller 60 studiepoeng i basisfaga dei underviser i, samt kompetanse i andre fag har Utdanningsdirektoratet ei stønadsordning som kommunen/ læraren kan få del i. Ordninga kan anten vere stipend til lærar eller vikarstønad til kommunen. I Hareid har vi prioritert vikarordning og nettbaserte studiar. Dette gjer at stønaden frå Utdanningsdirektoratet dekkjer kostnadane for kommunen.

Hareid ungdomsskule - auka inntekt støtte vidareutdanning lærarar (191)

I samband med å nå målet med at alle lærarar har 30 eller 60 studiepoeng i basisfaga dei underviser i, samt kompetanse i andre fag har Utdanningsdirektoratet ei stønadsordning som kommunen/ læraren kan få del i. Ordninga kan anten vere stipend til lærar eller vikarstønad til kommunen. I Hareid har vi prioritert vikarordning og nettbaserte studiar. Dette gjer at stønaden frå Utdanningsdirektoratet dekkjer kostnadane for kommunen.

Hjørungavåg skule - auka inntekt støtte til vidareutdanning lærarar (189)

I samband med å nå målet med at alle lærarar har 30 eller 60 studiepoeng i basisfaga dei underviser i, samt kompetanse i andre fag har Utdanningsdirektoratet ei stønadsordning som kommunen/ læraren kan få del i. Ordninga kan anten vere stipend til lærar eller vikarstønad til kommunen. I Hareid har vi prioritert vikarordning og nettbaserte studiar. Dette gjer at stønaden frå Utdanningsdirektoratet dekkjer kostnadane for kommunen.

Kommunal støtte til Ishavsmuseet, Hareidstemna og Stiftinga Rasofielgarden (068)

Inneverande økonomiperiode har Ishavsmuseet fått kr 250 000, Hareidstemna kr 50 000, og Stiftinga Rasofielgarden kr 50 000 i støtte. I budsjettet ligg kr 310 000, men må styrkast med 40 000 for at Hareid kommune skal kunne gje ei tilsvarande støtte vidare.

Kultur : Reiselivsplan (225)

Oppfølging av formannskapsvedtak om interkommunalt samarbeid mellom kommunane på ytre søre, DÅS og Møre og Romsdal fylkeskommune.

Kutt - barnehagekontor 20% stilling rådgjevar sal av tenester til Sjustjerna m.m.(211)

I 2020 vil Hareid selje tenester til Sjustjerna tilsvarande 10% rådgjevar. I tillegg får vi tilskot til 10% stilling frå Utdanningsdirektoratet i 2020 gjennom satsinga Inkluderande barnehage- og skulemiljø.

Kutt - Bigset skule assistent i skule (203)

Skulen kutter 100% stilling som assistent i skulen.

Kutt - Bigset skule reduksjon 50% assistent i SFO (204)

På grunn av reduksjon i talet på born som nyttar SFO må vi redusere bemanninga tilsvarande

Kutt - Hareid skule - 100 % lærarstilling 1/2 årseffekt (202)

Skulen reduserer med ei 100% lærarstilling frå hausten 2020.

Kutt - Hareid skule lærebøker (201)

Som konsekvens av digitaliseringa reduserer Hareid skule behovet for innkjøp av nye lærebøker i 2020.

Kutt - Hareid ungdomsskule reduksjon 20% lærarstilling (206)

Sparetiltak

Kutt - Hareid ungdomsskule reduksjon 75% fagarbeidar 1/2 år (208)

Halvårseffekt (2. halvår). Sparetiltak.

Kutt - Hareid ungdomsskule reduksjon 80% fagarbeider (207)

Sparetiltak

Kutt - Hareid ungdomsskule redusert overtidskostnad (205)

Hareid ungdomsskule har nytta egne lærarar som vikar for å sikre så god kvalitet i undervisninga som mogleg. Dette er ei dyr løysing, som ein no gjer endring på. Konsekvensen er at delar av sparinga går utatt i vikarkostnad.

Kutt - Hareid u-skule fritt skulemateriell (214)

Sparing

Kutt - Hareid u-skule anna undervisningsmateriell (213)

Sparing

Kutt - Hareid u-skule Inventar (219)

Sparing

Kutt - Hareid u-skule kjøp frå andre kommunar (216)

Lågare behov i 2020.

Kutt - Hareid u-skule lærebøker (212)

avstår frå å kjøpe nye lærebøker i 2020. Delvis på grunn av digitalisering.

Kutt - Hareid u-skule skulebibliotek (218)

Sparing

Kutt - Hareid u-skule skuleskyss (215)

Lågare behov i 2020

Kutt - Hareid u-skule telefon (217)

Sparing

Kutt - Oppvekstkontor rådgjevar - sal av oppdrag til Sjustjerna (210)

I 2020 vil Hareid selje tenester til Sjustjerna tilsvarende 10% rådgjevar. I tillegg får vi tilskot til 10% stilling frå Utdanningsdirektoratet i 2020 gjennom satsinga Inkluderande barnehage- og skulemiljø.

Kutt – SLT (samordning av rus og kriminalitetsførebyggande

tiltak) -koordinator 35% stilling (199)

Det førebyggjande arbeide mot rus og anna ungdomsproblematikk må utførast av andre i helse og skule.

Kutt - tilskot private barnehagar (209)

På grunn av maksimal opptak av born i kommunale barnehagar, og ei svært kostnadseffektiv drift i dei kommunale barnehagane ser det ut til at tilskotet kan reduserast for 2020.

Kutt - tilsynsvakt skule og Hareidhallen 30 % (200)

Arbeidet med å sjå til at dører og vindauge er forsvarleg lås kvar ettermiddag/ kveld må gjerast av dei tilsette/ og eventuelle leigarar.

Kutt Ressursenteret - miljøarbeidar flyktning (198)

Kutt i 40 % stilling som miljøarbeidar flyktning. Oppgåvene blir fordelt på andre tilsette.

Læring og kultur : innsparingstiltak handlingsplan 2020 – 2023 (230)

Rådmannen har fordelt innsparingstiltak på sektorane og sentraladministrasjonen for å få budsjettet i balanse. Dette er innsparingar som skal gjerast på løn, med halvårseffekt i 2020 og heilårseffekt dei komande åra. For å kome i mål med dette må ein i heile kommuneorganisasjonen jobbe kontinuerleg med omstilling i åra som kjem og store grep må gjerast alt i løpet av våren 2020. Arbeidet med å identifisere omstillingstiltak, og gevinstar ved disse, er alt godt i gang. Nokre av omstillingstiltaka som vert greia ut vil kunne vedtakast administrativt, andre og større omstillingar må handsamast politisk.

Miljøarbeidar ungdomsklubb (072)

For å vidareføre ungdomsklubben må ein ha ein miljøarbeidar som drifrar klubbkveldane.

Tap i foreldrebetaling - Hareid barnehage (070)

Tap i foreldrebetaling på grunn av moderasjonsordning jf. Forskrift om foreldrebetaling i barnehagar. Sektoren ber om meir midlar til dette. Det vert berre delvis kompensert, og sektorleiar må eventuelt gjere ei intern omdisponering av midlane.

5.1.5 Velferd

Velferdssektoren har ansvar for dei mest ressurskrevjande tenestene, som også er dei minst føreseieleg. Stadig aukande press frå Helseføretaket gjer at oppgåvene til kommunehelsetenesta aukar. Samstundes med auka brukarrettar og forventningar. I Hareid har rammene til sektoren svinga opp gjennom åra. Sektoren har siste par åra hatt stort meirforbruk, og mykje av dette har skuldast barnevern og NAV. Dette er tenester det er vanskelig å påvirke på kort sikt.

Dette er ein av dei største sektorane og når kommunen skal spare så mykje pengar kjem ein ikkje utanom at denne sektoren også

må ta sin del. Det er verdt å huske at før dei får starte på sjølve innsparinga må dei hente inn meirforbruket sitt. Dette er den sektoren som om få år må legge til rette for stor vekst. Desto viktigare vert det å omstille drifta til å kunne hjelpe fleire med mindre.

Det er to konkrete tiltak som ikkje er tatt med i handlingsplanen då tala er usikre. Det eine er Helseplattformen. Denne er pr. dato kostnadsrekna til kr 300,- pr. innbyggjar, men det er uklart kor mykje av dette som kan takast som investering. Det andre er auka utgifter til ny legeavtale. Denne er under reforhandling. Desse tiltaka vert å ta att i neste års budsjett.

VELFERD	-4 875 329	-8 392 582	-9 022 430	-8 927 291
Barnevernteneste - etablering av barnevernsvakt	300 000	300 000	300 000	0
Kutt - Bu eining - Auke i refusjon feriepengar	-50 000	-50 000	-50 000	-50 000
Bu eining (Velferd) - Personalløfter HMS	150 000	0	0	0
Kutt - Bu og habilitering eining (Velferd) - Post 17000 - 4051 Ressurskrevjande tiltak blir auka til 11,8	-596 797	-596 797	-596 797	-596 797
Kutt -Bu og habilitering (velferd) - auke refusjon feriepengar	-50 000	-50 000	-50 000	-50 000
Bu og habilitering (Velferd) - Reduksjon i sjukepengerefusjon 4051	300 000	300 000	300 000	300 000
DagAktivitet for heimebuande demente (Velferd)	663 246	927 958	927 958	927 958
Kutt - Heimesjukepleie - auke i refusjon feriepengar	-50 000	-50 000	-50 000	-50 000
Kutt - Heimesjukepleie Ref. fødselspengar kto 17100 4031 vert auka med kr -200 000	-200 000	-200 000	-200 000	-200 000
Heimesjukepleie Ressursforvaltning heimetenesta - tiltak omstilling/effektivisering	60 000	60 000	60 000	60 000
Helse og korr. eining Legeteneste (Nattlegevakt) - Interkommunalt samarbeid	100 000	100 000	100 000	100 000
Kutt-Helse og korr. eining Refusjon feriepengar 17102 aukast til kr -50 000	-50 000	-50 000	-50 000	-50 000
Kutt -Helse og korr. eining Helsestasjon - auke statstilskot	-15 000	-15 000	-15 000	-15 000
Helse og korr. eining Kommunepsykolog - lovpålagt kompetanse krav	460 314	860 314	860 314	860 314
Helse og korr. eining Legeteneste - legevaktordning Hareid/Ulstein	300 000	300 000	300 000	300 000
Hovedkjøkken auke inntekter 15% merverdiavgift 16900	34 254	34 254	34 254	34 244
Hovedkjøkken innkjøp av dataprogram omstilling - prosjekt matsvinn	60 000	10 000	10 000	10 000
Kutt -Hovedkjøkken Post 16501 moms 15% - auke til kr -60 000	-60 000	-60 000	-60 000	-60 000
Kutt - Hovedkjøkken 4025 - Avgiftsfri salg/auke i inntekt konto 16501 til kr -60 000	-60 000	-60 000	-60 000	-60 000
Kutt - Hovudkjøkken Auke avgiftsfrie inntekter 4025	-44 341	-44 341	-44 341	-44 341
Kutt - Korttids eining auke refusjon feriepengar	-50 000	-50 000	-50 000	-50 000
Kutt - Korttids eining Fødselspengar Post 17101 4023 vert auka me -100 000	-100 000	-100 000	-100 000	-100 000
Kutt 150% fast stilling ansvarsområde ikkje fastsatt	-820 607	-820 607	-820 607	-820 607
NAV auke i refusjon frå andre kommuner	-300 000	-300 000	-300 000	-300 000
NAV auke i utbetaling stønad	400 000	0	0	0
NAV IPS prosjekt ,Post 17000-3201 vert auka med kr - 1,5 mill	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000
NAV Post 16300 - vert auka til kr 320 000	-2 037	-2 037	-2 037	-2 037
Omsorgskontoret Konto 1729 skal aukast til 2 mill	-200 000	-200 000	-200 000	-200 000
Kutt - Skjerma eining Auke i egenbetaling	-55 531	-55 531	-55 531	-55 531
Kutt - Skjerma eining Auke refusjon feriepengar	-50 000	-50 000	-50 000	-50 000
KUTT - Skjerma eining auke refusjon fødselspengar	-200 000	-200 000	-200 000	-200 000
Velferd : Innsparingstiltak handlingsplan 2020 - 2023	-3 248 830	-6 830 795	-7 460 643	-7 065 494

Barnevernteneste - etablering av barnevernsvakt (103)
Interkommunalt samarbeid om akutt beredskap (barnevernsvakt).

Barnevernet i Ålesund utøver funksjonen. Kommunestyret har fatta positivt vedtak på dette hausten 2019.

Bu eining (Velferd) - Auke i refusjon feriepengar (161)

Aukar denne posten til kr -50 000,- (erfaringstal).

Bu og habilitering eining - Post 17000 - 4051 Ressurskrevjande tiltak blir auka til 11,8 (155)

Utifrå erfaringstal aukar vi denne posten til kr -11 800 000,-.

Bu og habilitering (velferd) - auke refusjon feriepengar (165)

Aukar refusjon feriepengar med kr -50 000,- (erfaringstal).

Bu og habilitering - Reduksjon i sjukepengerefusjon 4051 (094)

Sjukepengerefusjon er stipulert for høgt. Eininga har nedgang i sjukefråveret over tid og det gir mindre grunnlag for refusjon. Reduksjon i refusjon sjukepengar er ei ønska utvikling.

Dag aktivitet for heimebuande demente (080)

Lovpålagt teneste frå 2020. Tiltaket har ikkje vore prioritert i Handlingsplanen. Prosjektgruppe vart etablert i juni 2019. Her er eit prosjektdirektiv for tiltaket. Tiltaket er svært viktig i arbeidet med å differensiere vårt tenestetilbod innan demensomsorga. Tilskotsordninga er avvikla, så ressurs til tiltaket må hentast frå frie midlar. Stipulert driftsutgifter 2020 er kr 663 246,- (lønn/andre driftsutgifter). Dette tiltaket heng saman med tiltak om ombygging av lokale i investeringsbudsjett.

Heimesjukepleie - auke i refusjon feriepengar (164)

Aukar post 17102 refusjon feriepengar med kr - 50 000,-.

Heimesjukepleie - Ref. fødselspengar kto 17100 4031 vert auka med kr -200 000 (159)

Utifrå erfaringstal vert denne posten auka med kr -200 000,-.

Heimesjukepleie - Ressursforvaltning heimetenesta - tiltak omstilling/effektivisering (096)

Heimetenesta treng programvare til ressursforvaltning av heimetenesta. Tiltaket er et prosjekt som må sjåast i samanheng med omstilling, les: gevinstrealisering. Kostnad for programvare er kr 60 000,-. Tiltaket vil og i møtekrav frå tilsynsmynde når det gjeld tildeling av ressurskrevjande tiltak - og rapportering på ressursbruk.

Helse- og koordinerande eining (Velferd) - Legeteneste (Nattlegevakt) - Interkommunalt samarbeid (079)

Auke i husleige, og nye krav i Nasjonal retningsliner for legevakt (helsepesonell mm) fører til auke i driftsutgifter på omlag kr 100 000,-.

Helse- og koordinerande eining (Velferd) - Refusjon feriepengar 17102 aukast til kr -50 000 (160)

Aukar denne refusjonen til kr 50 000,-.

Helse- og koordinerande eining (Velferd) Helsestasjon - auke statstilskot (168)

Statstilskott helsestasjon vert auka til kr -15 000,-.

Helse- og koordinerande eining (Velferd) Kommunepsykolog - lovpålagt kompetanse krav (078)

Lovpålagt kompetanse i alle kommune frå 01.01.19. Innvilga tilskot 2019 på kr 400 000,- (100% stilling), tilskot søkt overført 2020. Kostnad for Hareid stipulert til kr 860 000,- for 100% stilling per driftsår. Det har vore eiga sak om dette i kommunestyret der ein gjorde vedtak om at kommunen ikkje skulle delta i interkommunalt samarbeid, men søkje etter eigen psykolog.

Helse- og koordinerande eining (velferd) Legeteneste - legevaktordning Hareid/Ulstein

Auke i husleige, og nye krav i Nasjonal retningslinje for legevakt (helsepersonell mm) fører til auke i driftsutgifter på om lag kr 300 000,-.

Hovudkjøkken - auke inntekter 15% meirverdiavgift 16900 (153)

Auke i inntekter til kr -40 000,-.

Hovudkjøkken - innkjøp av dataprogram omstilling - prosjekt matsvinn (095)

I samband med omstilling (effektivisering) er det behov for å kjøpe inn modul til dataprogram Aivo; bestillingsmodul. Dette for å få betre kontroll på forbruk og matsvinn. Eingongskostnad for kjøp av modul og skjerm på kr 60 000,- og auka lisens pr. år er sett til kr 10 000,-.

Hovudkjøkken - Post 16501 moms 15% - auke til kr -60 000 (151)

Aukar denne posten til kr -60 000,-.

Hovudkjøkken 4025 - Avgiftsfri sal/auke i inntekt konto 16501 til kr -60 000 (152)

Auke av posten ut i frå erfaringstal, beløp kr -60 000,-.

Hovudkjøkken (Velferd) Auke avgiftsfrie inntekter 4025 (149)

Vi aukar denne posten utifrå erfaringstal med kr 44 341,-.

Korttids eining - aukar refusjon feriepengar (163)"

Aukar med kr -50 000,- (erfaringstal)

Korttids eining - Fødselspengar vert auka (158)

Auke refusjon fødselspengar 17101 med kr -100 000,-.

Kutt 150% fast stilling (sektor velferd) - ansvarsområde ikkje fastsatt (221)

Kutt 50% stilling frå 01.januar. Innan 01.mai ytterligare kutt på 100% stilling. Stillings-reduksjonen fører ikkje til oppseiing, men kan medføre endra arbeidsoppgåve.

Kutt i stillingskategori sjukepleiar/vernepleiar og sosialpedagogisk kompetanse (bachelorgrad) er ikkje tilrådeleg. Kutt i stillingsplan ved sjukeheim (døgn) er ikkje fagleg forsvarleg. Kuttforslaga er knytt til heimetenesta, bu- og habilitering og koordinerande eining.

Kutt i 150% stilling er lagt på ansvarsområde Velferdskontor inntil ansvarsområde ved aktuelle einingar er presisert. Kutt gjeld ikkje turnusarbeid i sjukeheim.

NAV - auke i refusjon frå andre kommunar (167)

Grunna at Sande kommune er komen inn i samarbeidet med NAV - vert denne posten auka med kr -300 000,-.

NAV - auke i utbetaling stønad (102)

NAV treng ei styrking av rammene på kr 400 000,- samanlikna med budsjett 2019. Tiltak gjeld økonomiske overføringar (økonomisk sosialhjelp og kvalifiseringsstønad) til innbyggjarar i Hareid kommune. Årsaken til dette behovet er primært at færre menneske frå Hareid kommune får arbeidsavklaringspengar etter innskjerping i folketrygdlova, fleire av dei får i dag stønad frå kommunen.

NAV - IPS prosjekt ,Post 17000-3201 vert auka med kr - 1,5 mill (156)

Grunna auka tilskot vert denne posten auka til kr -1 500 000,-.

NAV - Post 16300 - vert auka til kr 320 000 (150)

Utifrå erfaringstal vert denne posten justert til kr 320 000,-.

Omsorgskontoret - Konto 1729 skal aukast til 2 mill (166)

Konto 17290 (kompensasjon driftsregnskap) aukast, - vert kontert på 4010, må eventuelt delast når vi ser driftsåret 2020.

Skjerma eining - Auke i eigenbetaling (148)

Ut i frå erfaringstal vert denne posten auka.

Skjerma eining - Auke refusjon feriepengar (162)

Refusjon feriepengar kr 50 000,- (erfaringstal).

Skjerma eining - auke refusjon fødselspengar

Auke i refusjon fødselspengar 17101 med kr 200 000,-.

Velferd : Innsparingstiltak handlingsplan 2020 – 2023 (231)

Rådmannen har fordelt innsparingstiltak på sektorane og sentraladministrasjonen for å få budsjettet i balanse. Dette er innsparingar som skal gjerast på løn, med halvårseffekt i 2020 og heilårseffekt dei komande åra. For å kome i mål med dette må ein i heile kommuneorganisasjonen jobbe kontinuerleg med omstilling i åra som kjem og store grep må gjerast alt i løpet av våren 2020. Arbeidet med å identifisere omstillingstiltak, og gevinstar ved disse, er alt godt i gang. Nokre av omstillingstiltaka som vert greia ut vil kunne vedtakast administrativt, andre og større omstillingar må handsamast politisk.

VELFERD	5 860 000	0	0	0
Hadartun - Signalanlegg	2 860 000	0	0	0
Helse- og korr. eining (Velferd) - Inventar/utstyr, nytt Helsehus)	2 700 000	0	0	0
Velferdskontoret (Velferd) - Velferdsteknologi kr 300 000	300 000	0	0	0

Hadartun – Signalanlegg (109)



Dette er eit tiltak som har stått på planen lenge, men som ein av ulike årsaker ikkje har kome i mål med. Det er no inngått opsjonsavtale med Ålesund og Orkide sitt innkjøpssamarbeid for innkjøpt av pasientsignalanlegg på sjukeheimen. Det er eit viktig tiltak for å digitalisere helsetenestene for framtida. Det er lagt opp til eit tett samarbeid med SSIKT for å sikre drift av sentral plattform, som skal styre både tryggleiksalarmar for heimebuande og i omsorgsbustad og pasientsignalanlegg på sjukeheimen.

Helse- og koordinerande eining (Velferd) - Inventar/utstyr, nytt Helsehus) (112)

Kartlegging av inventar/utstyr til nye lokale ved Hareid Helsehus har ein samla kostnad på om lag kroner 2,8 millionara. I prosessen er det vurdert møbler/utstyr ein kan ta med seg.

Velferdskontoret (Velferd) - Velferdsteknologi kr 300 000 (020)

Velferdsteknologi kr 300 000,- til utprøving, hjå brukar/pasient - til simulering/trening av velferdsteknologi – dette er eit svært viktig tiltak. Kr 250 000,- til diverse velferdsteknologi, 50 000,- til programvare mm. Dette må sjåast i samanheng med investeringstiltak og som ikkje vart iverksett i 2019. Søknad på nytt pasientsignalanlegg, les: infrastruktur for velferdsteknologi på Hadartun vert sendt til husbanken innan 1. mai 2020.

5.2 Sentraladministrasjon / stab

Sentraladministrasjonen består av rådmann, assisterende rådmann, og staben med IKT og avdelingane Personal- og organisasjon, Økonomi og Servicetorg og politisk sekretariat. Avdelingane tek hand om dei sentrale stab- og støttetjenestene i kommunen:

Årsverk: 15,9 inkludert rådmannen

Tilsette: 17 tilsette inkludert rådmannen

5.2.1 Status / utfordringsbilete

Kommunekompass-undersøkinga dokumenterer at vi har mykje ugjort når det gjeld kommunen som arbeidsgjevar. Dei tilsette er vår viktigaste ressurs og eit auka fokus på dette vil vere naudsynt i den komande omstillinga. Personal- og organisasjon utgjør berre tre årsverk, der nærare to er lønsarbeid. Samanlikna med andre er dette svært lågt for ein kompleks kompetanseorganisasjon med over 400 tilsette. Styrking av dette området kan gi gevinstar ved lågare sjukefråvær mv.

Servicetorg og politisk sekretariat har siste året fått betre bemanning på politisk sekretariat og informasjon, men manglar tyngre sakshandsamarkapasitet. Økonomiavdelinga er den av stabseiningane som er best bemanna, men det er lite rom for å hjelpe sektorane med økonomistyring, budsjett og kontrolleroppgåver. Kommunen manglar ressursar til å profesjonalisere og effektivisere innkjøpsarbeidet. Her er det potensiale til å redusere bruk av eksterne konsulentar og få betre utbytte av dei avtalane vi har inngått.

Ein ressurs er flytta frå Sektor for velferd til staben for å auke det overordna og tverrfaglege fokuset på IKT og digitalisering. Han skal i første omgang ha fokus på innføring av velferdsteknologi, i tillegg til andre utviklings- og driftsoppgåver på IKT-området. Redusert bemanning i staben betyr at arbeidsoppgåver som no vert ivarettatt av staben må handsamast ute i sektorane, det er derfor naudsynt å sjå på effektivisering og kva staben kan bidra med for å spele sektorane gode.

5.2.2 Mål / tiltak

Hareid kommune må ta ei strategisk val om kva ein vil staben skal vere for organisasjonen. Målet er at omstillingsprosessen vil vise kva behov sektorane har for administrativ støtte og korleis vi kan møte disse. Det er starta prosess med å vurdere potensielle gevinstar ved å styrke arbeidet med HMS/fråvær og innkjøp, sentralisering av fleire økonomi- og administrative oppgåver, samt på korleis arbeidet i avdelingane kan effektiviserast. Staben vil i 2020 bidra til innsparing i Hareid kommune ved å effektivisere drifta, ta over administrative oppgåver frå sektorane og vurdere innsparing ved interkommunalt samarbeid tilsvarande eit årsverk.



Kariann Bigseth,
assisterende rådmann

PERSONAL OG ORGANISASJON

Løn, HMS, inkluderande arbeidsliv, heiltidskultur, permisjonar, tilsettingar, pensjonsordning, fråvær, arbeidsgivaransvar, lønsforhandling, samarbeid med arbeidstakarorganisasjonane, kompetanseutvikling, personforsikring, NAV mv.

ØKONOMI

Budsjett, økonomistyring, MVA, rekneskap, skatt, innkreving, fakturahandsaming, bankavstremming, utbetaling NAV, rekneskap og fordeling NAV, rekneskap og budsjett Soknet, årsavslutning, mv.

SERVICETORG OG POLITISK SEKRETARIAT

Arkiv, politisk sekretariat, servicetorg / resepsjon, informasjon, internett- og intranettsider, personvern, personvernombod, internkontroll, internrevisjon, låsesystem, butilskot, startlån, skjenkesaker, grafisk profil, samansying av øk.rapportar mv., attestering for sektor, forefallende oppgåver, mv.

ANDRE ANSVARS-OMRÅDE

SSIKT

5.3 Sektor for læring og kultur

Sektoren tek hand om tenesteområda barnehage, grunnskule, vaksenopplæring, flyktingtenesta, norsk for framandspråklege, kultur og idrett. Hareid kommune har leiar, og sekretariat, for interkommunalt samarbeid på barnehage- og skuleområdet for kommunane Volda, Ørsta, Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein og Hareid.

Årsverk: 151,32

Tilsette: 189



*Eivind Longva,
endringsagent/
kommunalsjef, sektor for
læring og kultur*

5.3.1 Status / utfordringsbilete

Innanfor alle områder i sektoren er det stor aktivitet i høve til kompetanseutvikling både innan for kommunen, i regionen, og deltaking i nasjonale satsingar. Økonomisk er sektoren no på smertegrensa. I barnehage held vi bemanningsnorma, men ligg under landsgjennomsnittet, og dei fleste omliggande kommunar i kostnad per barn. På grunnskule ligg vi under dei fleste omliggande kommunar, og kommunegruppe i høve til kostnad per elev. Siste måling synte 17,7 elevar per lærar, men vi held truleg lærarnorma på grunn av kreativ organisering. Det er nesten berre byane i fylket som har høgare tal.

Dei kommunale barnehagane driv 2019/20 med maksimalt tal barn per eining. God omtale og høg kvalitet på tenestene har gjeve auka tal på søkjarar. Dette gjev lågare driftsutgifter per barn, og difor lågare tilskot private barnehagar. Dei kommunale barnehagane stettar per 01.11.19 den nasjonale bemanningsnorma. Slitasje på bygningane, og manglande vedlikehald, gjer kvardagen til både små og store vanskelegare både miljømessig, og i høve til reinhald og orden.

Sjølv med gjennomsnittleg store grunnskuleklasser og låge driftsutgifter per elev ser vi ei positiv utvikling både på resultat og miljømessige tilhøve. Godt kvalifiserte tilsette, og fokus på utvikling og kompetanse, er ein viktig faktor i den positive utviklinga. Vaksenopplæringa har lykkast med tilbodet til andre kommunar, og tener pengar på det. Inntektene for VO er overbudsjettert for 2019, og ansvaret syner difor eit dårlegare resultat enn det som er reelt. Hareid kommune har, per 01.11.19, mottatt 7 av tildelte 10 flyktingar. Det er usikkert om kommunen får busette fleire i 2019. Kommune er oppmoda til å ta i mot også 10 i 2020. Utfordringar ein ser er å finne høvelege bustadar, usikker arbeidsmarknad, og langsiktige økonomiske utfordringar.

Kulturtilbodet innan bibliotek, kulturskule og anna fritidstilbod har ei jamn drift med små variasjonar. Re-opning av kommunal ungdomsklubb har vorte ein suksess.

SKULAR

*Bigset skule
Hareid skule
Hjørungavåg skule
Hareid ungdomsskule
Musikk- og kulturskule*

BARNEHAGAR

*Bigset barnehage
Hareid barnehage
Syverplassen barnehage*

RESSURSENTE-RET

*Vaksenopplæring
Flyktingteneste*

ANDRE ANSVARS-OMRÅDE

PPT

5.3.2 Mål / tiltak

Gjennomgang av alle delar av sektoren for å finne optimal/ berekraftig drift.

For å oppretthalde kvalitet og tilbud - vurdere organisatoriske endringar

Utvikle interkommunalt samarbeid om ulike oppgåver

Ny kommunal barnehage

Vidareutvikle det tverrfaglege samarbeidet i høve til oppvekstvilkår for barn og unge i Hareid.

Oppretthalde drift av kommunal ungdomsklubb.

5.4 Sektor for samfunnsutvikling

Sektor for samfunnsutvikling består av kommunalsjef, Samfunnskontolet og einingane Plan, byggesak og Geodata, Kommunal eige-dom/FDV, Kommunalteknikk og VAR, samt at dei har ansvar for to interkommunale samarbeid og Soknet. Sjå i sidespalta for einingane og ansvarsområda deira.

Årsverk: 39,26
Tilsette: 45



*Kai-Rune Bjørke,
kommunalsjef, sektor for
samfunnsutvikling*

5.4.1 Status / utfordringsbilete

Det er utfordrande å tenke strategisk og langsiktig, då det samstundes er forventningar til at samfunnskontolet både skal bidra, ha kunnskap og kapasitet til å medverke på detaljnivå i både diverse saker, drift og investeringsprosjekt. Ein har ikkje lukkast med å få sektoren til å ta ut det maksimale potensiale i høve samhandling og samarbeid i høve t.d. gjennomføring av prosjekt.

Eining for plan, byggesak og geodata har høgt fokus på hand-saming av private planar, byggesak og sakshandsaming etter matrikkellova. Samstundes som eininga gjennomfører større utviklingsprosjekt i form av arbeid med interkommunal kystson-plan, kommuneplanens arealdel og kommuneplanens samfunns-del. I 2020 vil ein også måtte nytte tid til kommunal planstrategi. Ein har knapt med ressursar, og dette er sårbart, særleg for byggesak med korte fristar.

Generelt for bygningsmassen på dei kommunale formålsbygga gjeld det at ein har eit betydeleg vedlikehaldsetterslep. Ein ser at det er store summar å spare om ein vektlegg livsløpskostnadar både ved nybygg og ved rehabilitering/vedlikehald. Her trengs midlar til både uførutsett og langsiktig planlegging av vedlikehald. Stadige pålegg i høve brann -og eltilsyn på bygga er ei utfordring. Ein bør på sikt etablere vedlikehaldsfond, der ein set av midlar til større vedlikehaldstiltak.

Ein vil i 2020 ha ei stor satsing på å få så mange som mogleg tilknytt det offentlege vassnettet. Her er mange krevjande saker om overvatn og framandvatn i avlaupsnettet. Her er utfordringar knytt opp mot direkteutslepp og forureining. Vassbehandlingsan-legget er gammalt og styringssystemet står føre ei oppgradering. Ein kartlegg systematisk direkteutsleppa og vil i løpet av 2020 vil ein ferdigstille både den nye vassplanen og avløpsplanen der ein legg opp til ei investeringshastighet som stettar dei nasjonale krava for utskiftingsgrad av leidningsnettet. Nødvendige tiltak vil føre til at vassavgifta vil auke.

PLAN-, BYGGESAK OG GEODATA

*Plan, Byggesak
Geodata, Beredskap*

KOMMUNAL EIGEDOM / FDV

*Forvaltning, Drift
Vedlikehald, Utvikling,
Utleige, Reinhald*

KOMMUNALTEKNIKK OG VAR

*Kommunalteknisk kontor,
vatn, avløp, slam, renovasjon,
vegeigar og vegmynde, park
og grønt, idrettsanlegg, anløp,
hamn og hamnemynde, samt
ISPS. Gatelys, forureining og
forureiningsmynde. Utbyggings-
område – utvikling av bustadfelt
og næringsområde*

ANDRE ANSVARsomRÅDE

*Hareid og Ulstein brannvesen
brann- og ulukkeberedskap
har fylgjande ansvarsområde:
Brann- og ulukkeberedskap,
brannførebygging, feing, be-
redskap mot akutt forureining.*

*Interkommunalt Landbrukskon-
tor med fylgjande ansvarsom-
råde: Landbrukseige-dom, jord-
bruk, skogbruk, viltforvaltning*

Hareid sokn

5.4.2 Mål / tiltak

Vere ein sektor som legg til rette for bustad og næringsutvikling

Gjennomføre investeringsportefølgja på sektoren

Vere ein sektor som samordnar og som står som utviklar av den heilskaplege samfunnsutviklinga i kommunen.

Vere ein sektor som er ein ressurs til dei overordna planverktøya

5.5 Sektor for velferd

Sektor for Velferd omfattar legeteneste, helsestasjon, NAV Hareid/Ulstein/Sande (Hareid er vertskommune), barnevern, rus/psykiatri, fysioterapi/ergoterapi, heimeteneste, institusjon, bu- og habilitering, kjøkken og dagsenter.

Årsverk: 130,72

Tilsette: 166



*Nils-Arne Skagøy,
kommunalsjef, sektor for
velferd*

5.5.1 Status/utfordringsbilette

Dei tilsette i sektor Velferd er dedikert i sitt arbeid for å yte teneste som verkar, er trygge og rettferdig. Sektoren har eit meirforbruk som skuldast press på tenester, nye oppgåver og redusert moglegheit til å differensiere tiltak innan fleire tenesteområde. Evne til fleksibilitet og ressursutnytting vert viktig i møte med auka oppgåver som tidligare vart ivareteke av spesialisthelsetenesta.

Ei anna utfordring er å førebu seg på ein kraftig auke i den eldre del av befolkninga om få år. Skal vi lykkast i møte med dei utfordringane som ligg føre må verksemda styrke fagkompetansen, ha fokus på dialog og evne til kontinuerleg forbetring og innovativ haldning.

Utfordringsbildet handlar om å få ei drift i balanse. Sikre framdrift på omstillingsarbeidet. Få ei betre differensiering av tenestetilboda (eks: demenstilboda / bu- og habilitering) Og å lykkast med strategisk planlegging

HELSE OG KOORDINERANDE EINING

*Psykisk helse og rus
Ergoterapi
Fysioterapi
Støttekontakt
Helsestasjon
Jordmorteneste
Legetenester*

INSTITUSJONS- TENESTER

*Eining for korttid
Eining for langtid
Eining for skjerma
Eining for kjøkken*

HEIMETENESTER

*Heimesjukepleie
Praktisk bistand
Bu- og habilitering
BPA*

ANDRE ANSVARS- OMRÅDE

*Vertskommune for NAV
– Hareid, Sande og Ulstein*


5.5.2 Mål/tiltak

I forslag til budsjett for 2020 er det ført opp fleire driftstiltak som gir auke i driftskostandane. Fleire av dei gjeld oppfølging av politiske vedtak og forplikningar i interkommunalt samarbeid (barnevern, NAV og legevaktordning). To av tiltaka gjeld lovpålagte oppgåve frå 2020 (kommunepsykolog og Dagaktivitet for heimebuande menneske med demens). Nokre av driftstiltaka gjeld «Omstilling i Hareid» der nokre forbetrings- og effektiviseringsarbeid krev investering, døme her er programvare for å redusere matsvinn og betre ressursutnytting i heimetenesta. Eit av tiltaka er relatert pasienttryggleik/HMS, innkjøp av personløftar ved sjukeheimen. Utsifting/oppgradering av signalanlegg ved Hadartun vil gi ein betre infrastruktur for velferdsteknologi. Driftstiltak relatert velferdsteknologi er påkrevd, og vil gi betre ressursutnytting i tenesteproduksjonen - effektivisere drifta.

I forslag til Budsjett og Handlingsplan 2020-2023 viser Rådmanen til naudsynt kutt på 7,4 millionar for sektor Velferd. Det er lønsutgiftene som må reduserast. Skal ein få til varig lønnsreduksjon må ein redusere sektoren sin tenesteproduksjon. Dette vil krevje metodisk tilnærming som ivaretaking av tilsette og ROS analyse der reduksjon av tenestetilbod er aktuelt.

Døme på tiltak som vert vurdert er strukturendring, tenesteyting på anbod, reduksjon i tenestetilbod, tildeling av tenester versus ressursforvaltning og differensiering av tenestetilboda.

**ØKONOMI- OG
HANDLINGSPROGRAM
2020-2023**



Hareid kommune 2019